

# Planomtale Sunnfjord næringspark - Detaljregulering Sunnfjord Næringspark aust



## Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Sunnfjord kommune  
Tittel på rapport: Planomtale Sunnfjord næringspark - Detaljregulering Sunnfjord Næringspark aust  
Oppdragsnamn: Detaljregulering K2, K3 og K4  
Oppdragsnummer: 600660-05  
Utarbeidd av: Synne Alvilde Næss  
Oppdragsleiar: Karl Erik Johnsen  
Tilgjenge: Open

## Kort samandrag

Asplan Viak AS er engasjert av Sunnfjord kommune for å utarbeide detaljreguleringsplan for Sunnfjord næringspark aust. Føremål med planen er å legge til rette for å etablere eit større område for arealkrevjande verksemdar, og følgje opp krav i områdereguleringsplanen om detaljregulering. Storleik på planområdet er omlag 466 daa. I tillegg skal Moskogkrysset utbetrast for å tilfredsstille dagens krav til veg- og kryssutforming.

Karl Erik Johnsen har vore oppdragsleiar hjå Asplan Viak AS.

Denne rapporten er utarbeida av Hilde Helene Bjørnstad, Synne Alvilde Næss, Lene Lindhardt Hammer og Kristine Sande Wilkensen.

Leikanger, 25.11.2025

Karl Erik Johnsen

Oppdragsleiar

Hilde Helene Bjørnstad

Kvalitetssikrar

02	23. april 2026	Planomtale	SAN	KSW
01	25. nov. 2025	Planomtale	SAN	HHB
Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS

## Innhold


1.	Bakgrunn for planframlegget	4
1.1	Lokalisering av planframlegget	4
1.2	Planavgrensing	4
1.3	Dagens arealbruk	5
1.4	Føremålet med planarbeidet	10
1.5	Vurdering av krav om konsekvensutgreiing	11
1.6	Vedtak om dispensasjon grunnarbeid og utbyggingsrekkefølge	12
2	Planprosess og medverknad	13
2.1	Oppstartsmøte	13
2.2	Varsel om oppstart (september 2022)	13
2.3	Varsel om utvida plangrense (februar 2023)	14
2.4	Utarbeiding av ny detaljreguleringsplan for veg Stakaldefossen (mars 2025)	15
2.5	Varsel om utvida plangrense Sunnfjord næringspark aust (mai 2025)	16
2.6	Justering av planområde (september 2025)	17
2.7	Informasjon og medverknad	18
3	Planstatus og rammer for planarbeidet	19
3.1	Planstatus	19
3.2	Reguleringsplanar	20
3.3	Rammeføresetnader	26
3.4	Eigedomstilhøve	29
4	Dagens situasjon	31
4.1	Landskap	31
4.2	Naturmangfald	33
4.3	Vassdrag	36
4.4	Kulturmiljø	37

4.5	Nærmiljø og friluftsliv	40
4.6	Støy og ureining	40
4.7	Naturressursar	42
4.8	Landbruk	42
4.9	Barn og unge sine interesser	43
4.10	Infrastruktur	43
4.11	Aktsemd naturfare	50
5	Omtale av planframlegget	53
5.1	Planlagt arealbruk	53
5.2	Reguleringsformål	58
5.3	Utnyttingsgrad, byggehøgder og byggegrenser	65
5.4	Universell utforming	66
6	Verknader av planframlegget	67
6.1	Miljø	67
6.2	Samfunn	81
6.3	Aktsemd naturfare	94
6.4	Risiko- og sårbarheitsanalyse	98

# 1. Bakgrunn for planframlegget

## 1.1 Lokalisering av planframlegget


Planområdet er lokalisert i Sunnfjord kommune, om lag 13 km frå Førde og 10 km frå Vassenden. Området som skal regulerast ligg aust for Sunnfjord næringspark vest og omfattar eksisterande vegkryss ved Moskog og eit større areal i austre del bestående av landbruksareal, bustadar og deponi. Elva Jølstra renn gjennom planområdet.



Figur 1: Lokalisering av planområdet

## 1.2 Planavgrensing

Planavgrensinga er på om lag 466 daa og fylgjer i hovudsak avgrensinga av gjeldande områderegeringsplan, i tillegg til å inkludere Moskogkrysset i vest. Planområdet føl grensene til områdeplan aust for Jølstra. Planområdet i vest går midt i elva.



Figur 2: Planområde.


### 1.3 Dagens arealbruk

I dagens situasjon er framtidige næringsområde K2 og K3 delvis planert med sprengstein frå utbygging av kraftverkstunnelen til Jølstra kraft. I område K4 er det påbegynt grunnarbeid, og består elles av dyrka mark og skog. Det går fleire kraftlinjer gjennom området som knyter seg til Jølstra kraftverk, Stakaldefossen Kraftverk og Moskog trafostasjon. Moskog transformatorstasjon vart etablert i samband med Fardal-Ørskog utbygginga. I samband med Fardal-Ørskog utbygginga vart vegnettet til transformatorstasjonen utbetra, dette er også tilkomstveg til bustadane i Stakaldefossen.

Det ligg fleire einebustader i Stakaldefossen og ved Moskogkrysset. Det er også gatekjøkken/kioskbygning ved Moskogkrysset.

Vest for Jølstra ligg Sunnfjord næringspark vest som er ferdig utbygd, og ulike næringsverksemder er under etablering i området.

I randsona og innimellom områda til framtidig næringsområde er naturområde bestående av bærlyngskog med furu og restareal med myr. Elva Jølstra går gjennom i planområdet.



Figur 3: Utsnitt av området. Henta frå Kommunekart.



Figur 4: Dronefoto av området med næringsområda K2, K3 og K4 (Asplan Viak AS, 2024). Store delar av næringsområda er utfylt og omarbeida.

### Næringsområde K2

Området er i dag nytta til deponi for overskotsmassar og ber direkte preg av å ha vore brukt som riggområde og masselager. Store delar er utfylt og lagt i tipp, med unntak av areal der det framleis ligg torv/myr. Myra i nordvest er noko utbygd med tilkomstveg mellom næringsområda og tunnelpåhogget. Myr i sørvest ligg stort sett igjen og er delvis brukt som masselager for myr/torvmassar.



Figur 5: Dronefoto av område K2 (dato 02.10.2024)

### Næringsområde K3

I området er det plassert massar som er lagt i planert fylling.



*Figur 6 Bilete teke i enden i område K3, mot søraust*



*Figur 7 Bilete teke frå K3*

### Næringsområde K4

Arealbruken i området er knytt til landbruk, der dyrka mark og skog dominerer. Det er i dag påbegynt grunnarbeid i området, der massar er skifta ut.



Figur 8 Bilete av K4 teke frå fylkesvegen mot nord (Asplan Viak AS, 2024).



## 1.4 Føremålet med planarbeidet

### Mål for planarbeidet

Føremål med detaljreguleringsplanen er å følgje opp områdereguleringsplanen, og legge til rette for arealkrevjande næringsverksemdar. Planen skal sikre ei framtidretta utvikling av området og ei føreseieleg arealforvaltning. Det skal vere framtidretta løysingar for energi og berekraft.

### Bakgrunn

Områdereguleringsplan for «Moskog industriområde» vart godkjent i høvesvis Førde og Jølster kommunar i 2013. Bakgrunn for områdeplanen var behov for nye industri/næringsareal i Førde og Jølster. Moskog var utpeikt i «Strategisk næringsplan for Indre Sunnfjord» og i «Mål og strategiar for ny næringsutvikling i Jølster» som ein eigna stad for næringsutvikling. Planområdet ligg langs E39, ein av dei viktigaste ferdselsvegane i regionen.

Målet med områdeplanen har vore å oppnå samlokalisering av arealkrevjande verksemdar utanfor sentrumsområda – men likevel nær hovudvegane og relativt sentralt. Ved omlegging av E39 i regionen vert det verksemdar som blir liggande meir usentralt i høve til hovudferdselsåra. Ein håpar at Moskog vert eit areal som kan samle liknande verksemdar og gje synergieffektar, samstundes som ein får frigjeve sentrumsnære areal til anna formål.

Det eine feltet innanfor områdeplanen (K1) er allereie bygd ut, og fleire verksemdar har etablert seg.

Nærleik til Stakaldefossen kraftverk med nye Jølstra kraftverk gir god krafttilgang, og moglegheiter for framtidretta løysingar for energi.

Utbygging av Jølstra Kraftverk har gjeve store mengder overskotsmasser (tunneldriving). Ein stor del av massane har blitt tippa i planområdet for å kunne brukast til opparbeiding av Moskog Industriområde. For å handtere massane på ein effektiv måte, har framleggsstillar hausten 2023 fått dispensasjon til å starte på grunnarbeid i planområdet, før detaljreguleringa er vedteke.

## 1.5 Vurdering av krav om konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert til å ikkje verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar, og kommunen har slutta seg til vurderinga jf. referat frå oppstartsmøte.

Forskrift om konsekvensutgreiing fastset krav til kva planar som skal utgreiast. Etter § 4 i forskrift om konsekvensutgreiing skal forslagsstillar vurdere om planen eller tiltaket omfattast av § 6, § 7 eller § 8.

Tiltaket omfattar reguleringsplan og næringsbygningar, som kan vere utgreiingspliktige.

Planframlegget legg til rette for eit vedlegg II-tiltak i form av næringsbygningar som til saman kan bli over 15 000 m<sup>2</sup> bruksareal, men tiltaket er vurdert til å vere unnateke KU-plikt på grunn av at tiltaket (næringsområde) allereie er konsekvensutgreidd i gjeldande områdereguleringsplan. Gjeldande områdereguleringsplan for Moskog Industriområde er konsekvensutgreidd i planarbeidet frå 2012. Metoden som er nytta for å seie noko om konsekvensane er ei forenkla utgåve av metoden i SVV si handbok 140, Konsekvensanalyser.

### **§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn**

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- b. tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.

Figur 9 Aktuelt føresegn i Forskrift om konsekvensutgreiingar.

Dei aktuelle områda, K2, K3 og K4, ligg i kommuneplanen og i gjeldande områdereguleringsplan som næringsområde. Tiltaket er konsekvensutgreidd i områdereguleringsplanen, og denne detaljreguleringsplanen er i samsvar/følgjer opp områdereguleringa.

Det er vurdert at det vil vere tilstrekkeleg å belyse verknadar av tiltaka planen opnar for gjennom dei generelle utgreiingskrava i pbl. § 4-2 planomtale, med vurdering og skildring av planen sine verknadar for miljø og samfunn. ROS-analyse vil også verte utarbeidd».

## 1.6 Vedtak om dispensasjon grunnarbeid og utbyggingsrekkefølge

Sunnfjord kommune fatta 6.12.2023 vedtak om dispensasjon frå plankrav og rekkefølgjekrav i områdereguleringsplan for Moskog Industriområde for å opparbeide og tilrettelegge grunnen i byggeområda K2, K3 og K4.

Det vart søkt om dispensasjon frå følgjande i reguleringsføresegn:

- Krav om detaljregulering av områda K2-K4, jf. § 1.4.1.
- Rekkjefølgjekrav om 80 % utbygging av K1-K3 før utbygging av K4, jf. § 3.1.2.

I konsesjonssaka til Jølstra kraftverk var byggeområda K2, K3 og K4 planlagd til å ta imot tunnelmassar i samband med utbygging av kraftverket. Kommunestyret i Jølster handsama framlegg om utbyggingsavtale med Sunnfjord Energi AS som m.a. inneheld bruk av overskotsmasse på desse byggeområda, jf. vedtak den 16.06.2015 sak 058/15.

Delar av områda er ferdig opparbeidd, medan område K4 vert nytta til landbruksdrift. Det er naturområde som myr, furuskog m.m. i området, og det går kraftleidningar gjennom området. Søkjar viser til arbeid som er gjort i samband med utbygging av Jølstra kraftverk.

Tiltakshavar ønskte å gjere ferdig arbeid som er starta i området. Det er behov for å legge til rette alle områda K2-K4 samtidig for m.a. å oppnå effektiv areal- og ressursbruk, massebalanse og redusere transport av massar. Det er opplyst at det meste av område K1 er tinga/leigd, medan andre verksemder ynskjer å nytte område K2 og K3.

Det vil ikkje vere aktuelt å opne opp for at verksemder kan etablere seg i områda K2- K4 før detaljreguleringsplan er vedteke for områda.


## 2 Planprosess og medverknad

### 2.1 Oppstartsmøte

Oppstartsmøte med Sunnfjord kommune vart gjennomført 14.06.2022, og kommunen tilrådte oppstart av planarbeid.

### 2.2 Varsel om oppstart (september 2022)

Det vart varsla oppstart av planarbeid i Firda avis og kommunen si heimeside den 24.09.22. Grunneigarar, naboar og rørde partar vart varsla med brev den 20.9.2022 og supplerande brev 30.9.2022 (dagsett 8.9.22). Frist for innspel var satt til 22.10.2022.



Figur 10 Varsla planområde september 2022.

Det var motteke 8 innspel til oppstartsvarelet. Hovudpunkta i høyringsuttalane dreia seg om:

- Omdisponering av dyrka mark
- Nedbygging av myr (økosystemtenester, klimagassar)
- Areal og transportplanlegging (lokalisering og type næring)
- Regional planføresegn om lokalisering av handel i Sogn og fjordane
- Handtering av potensiell ureining
- Omsyn omgjevnadane i anleggsfase
- Massehandtering

- Omsyn til vilt og vassdrag
- Aktsemdsomsråde for skred, flaum, marin grense
- Behov for gang- og sykkelveg fram til næringsområdet
- Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne innafor området
- Omsyn til elektriske anlegg i området, og tilkomst til Moskog trafo
- Moskogkrysset må vere med i planen for å legge til rette for utbetring av krysset
- Fv. 613 er potensiell omkøyingsveg for E39


Hovudpunkta i private merknadar dreia seg om:

- Trafikktryggleik og mest mogleg redusert støy er viktig for dei som har eigendomar i Stakaldefossen.
- Ynskjer at kravet om utbyggingsrekkefølge blir oppretthalde slik det er nedfelt i områderegeringsplanen.
- Likeins vil vi ikkje ha støyande og forureinande verksemder på næringsområdet K4
- Uroa for lysureining, redusert utsyn, auka innsyn.

## 2.3 Varsel om utvida plangrense (februar 2023)

Etter innspel frå Statens Vegvesen vart planområdet utvida til å omfatte vegkryss mellom E39 Jølstravegen og FV 613 Holsavegen. Ny varsling for utvida planområde vart sendt ut med brev dagsett 21.02.2023, med frist for innspel 24.03.2023.

Det vart motteke 7 innspel til oppstartsvarselet. Oppsummering av innspel og framleggstillar sin kommentar til desse ligg som vedlegg til planomtalen.



Figur 11: Varsla utvida planområde (markert med raud strek) blei varsla i februar 2023.

Hovudpunkta i høyringsuttalane dreia seg om:

- Omsyn til Den Trondhjemske postvei

Hovudpunkt i private merknadar dreia seg om:


- Dei som bur nær Moskogkrysset er uroa for korleis planen vil påverke deira eigedommar. Ber om å bli halde orientert.

## 2.4 Utarbeiding av ny detaljreguleringsplan for veg Stakaldefossen (mars 2025)

Det er etablert veg til trafostasjon/nettstasjon på Stakaldefossen som ikkje er i samsvar med gjeldande områdeplan. Områdereguleringsplan Moskog industriområde (planid: 14312008001) frå 2013 gjeld for området, og vegen som går til trafostasjonen er opparbeidd i areal som er sett av til vegetasjonsskjerm a\_V5.

Formål med planendringa er å sikre areal til vegetasjonssone som skjermar eksisterande bustader mot byggje- og anleggsområdet i søraust. Det er gjeve dispensasjon for å opparbeide grunnen i byggeområde K2-K4. I tillegg er det bygd privat veg til trafostasjon og tunnelinnslag til Jølstra kraftverk som ligg nord for byggeområde K4.


Planen vart vedtatt 16.06.2025.



Figur 12: Raudt omriss syner ny detaljreguleringsplan for Stakaldefossen. Blått område syner planområde for Sunnfjord næringspark aust.

## 2.5 Varsel om utvida plangrense Sunnfjord næringspark aust (mai 2025)

Det vart på ny varsla om utvida plangrense i mai 2025. Det var ønskje om å utvide planområdet ytterlegare for å sikre ny tilkomst for bygga på sørsida av Fv 613 Holsavegen (pga. ny kryssutforming mellom E39 og Fv 613) og regulere buffersone langs næringsområdet.



Figur 13: Varsla utvida planområde (markert med raud stipla strek) blei varsla mai 2025.


Hovudpunkt i høyringsuttalane dreia seg om:

- Omsyn til den Trondhjemske postvei der vegetasjonsbelte rundt vegen må bli vidareført i plan, og at det ikkje må gjerast tiltak i grunnen som kan skade postvegen. Elles at det vert forventa at vi tek kontakt med fylkeskommunen for å avklare tilhøva knytt til fv.613.
- Det må takast omsyn til dei anlegga som er nødvendig for Statnett å drifte innanfor planområdet. Det må ikkje settast i gong tiltak som medfører forringing av åtkomst til Statnett sine anlegg eller gjere inngrep i terreng som medfører endring av overdekning over kablar eller oppfylling som gir redusert høgde opp til

Luftledning. Anleggsarbeid nærare enn 30m frå høgspentanlegg skal varslast minst 6 veker før planlagt oppstart av arbeid.

## 2.6 Justering av planområde (september 2025)

Planområdet er innsnevra langs E39 i område ved Moskogkrysset. Plangrensa er tilpassa tiltak i krysset og føl i større grad eigedomsgrensene. Raud heiltrukken strek syner ny plangrense. Svarte linjer syner tidlegare plangrense.



Figur 14: Utsnitt syner innsnevra plangrense (raud heiltrukken strek) rundt Moskogkrysset. Svart linje syner opprinneleg plangrense.

Det er også gjort ei mindre utviding av planområdet ved dei to austlege avkøyrslene til næringsområdet. Dette for å sikre naudsynt areal for forbikøyringslommer på fylkesvegen. Utvidinga rører ikkje ved nye eigedomar.



Figur 15 Figurane over viser område som er teke ut i grøn skravur, og utviding ved forbiøyringslommene på fylkesveg i raudt

## 2.7 Informasjon og medverknad


Merknadar som er komne inn i samband med detaljreguleringsplan for Sunnfjord næringspark aust vert lagt til grunn i vidare planarbeid. Det vart motteke 11 innspel/uttalar for Sunnfjord næringspark aust, inkludert innspel etter varsel om utviding. Innspela ligg vedlagt planen.

## 3 Planstatus og rammer for planarbeidet

### 3.1 Planstatus

#### 3.1.1 Arealdel til kommuneplanen for Sunnfjord kommune 2024 - 2035


Sunnfjord kommune fekk vedtatt ny KPA for perioden 2024 - 2035, den 20.06.2024 (planId: 2021001).



Figur 16: Utsnitt av vedtatt kommuneplan for Sunnfjord kommune 2024 - 2035. Henta frå Kommunekart.

## 3.2 Reguleringsplanar


Kartet under syner ei oversikt over reguleringsplanar i området.




Figur 17: Oversiktskart som syner reguleringsplanar i området. Henta frå Kommunekart.

### 3.2.1 Områdereguleringsplan Moskog industriområde (Førde 2012, Jølster 2013)

Området er omfatta av områdereguleringsplan for Moskog Industriområde som den gong var delt opp mellom Førde og Jølster kommune. Den består dermed av to plankart som følgjer den tidlegare kommunegrensa. Føresegna er likelydande.



Figur 18 Plankart til Områdereguleringsplan Moskog industriområde, trådte i kraft 2013 (planID:4647\_14312008001) tidl. Jølster kommune



Figur 19 Plankart for Områdereguleringsplan Moskog industriområde, trådte i kraft 2012 (planID: 4647\_143220110004) tidl. Førde kommune.


### 3.2.2 Detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark BKB1-2 av 2016 (ArealplanID: 4647\_143220150003).

Planen har som hovudføremål å legge til rette for næring og industri på Moskog.

Ved Moskogkrysset ligg det inne sone med særlege omsyn, rekkefølgjekrav infrastruktur - H430 med føresegn 7.4.1 *Reguleringsplan for ny E39 og fv.13 må vere vedteken i dette området før omsynssona eventuelt kan takast i bruk til byggjeføremål.*

Det er også lagt inn område for framtidig bru over Jølstra ved sidan av eksisterande bru på fylkesvegen.


Omsynssona er ikkje vidareført i dette planforslaget. Den var knytt opp mot framtidig regulering av E39 og fylkesveg 13 som no er inkludert i dette planarbeidet.




Figur 20 Detaljreguleringsplan for Sunnfjord næringspark BKB1-2. Henta frå Kommunekart

### 3.2.3 Detaljregulering E39 gang-/sykkelveg Kusslia-Moskog, i kraft 2016 (Planid: 143220150002)

Reguleringsplanen legg til rette for å føre fram vass-/avløpsleidning (VA-leidning) til Sunnfjord næringspark. Denne er no bygt.




Figur 21 Reguleringsplan for G/S-veg Kusslid - Moskog E39 er vist med blå skraver. Kjelde: Kommunekart.com - reguleringsplanar på grunnen.



Figur 22 Reguleringsplan for G/S-veg E39 Kusslia - Moskog (2016).


I samband med prosjekteringa av GS-veg langs E39 er det oppdaga behov for nokre justeringar i eksisterande plan. Dette gjeld mellom anna flytting av busslommer ved Moskog og omsyn til den Trondhjemske postvegen. Framlegg til reguleringsendring vart sendt på høyring 2023 med følgjande planløyising i krysset ved Moskog:



Figur 23 Framlegg til endring av reguleringsplan for G/S-veg E39 Kusslia - Moskog (2023).

### 3.2.4 Detaljregulering Moskog deponi, i kraft 2017 (Planid:143220160005)

Føremålet med reguleringsplanen var å leggje til rette for mellombels og permanent deponering av massar frå anleggsverksemd knytt til opparbeiding av næringsområdet på Moskog. Planområdet skal etter anleggsperioden attendeførast til, i hovudsak, landbruk,- natur- og friluftsområde (skog/utmark).



Figur 24 Reguleringsplan for Moskog deponi.

### 3.2.5 Detaljreguleringsplan Veikro Moskog, ikraft 2008 (Planid: 143220050008)

Hovudføremålet med planen var å legge til rette for etablering av ei veikro på eigendomen (gbnr. 47/7).




Figur 25 Utsnitt av reguleringsplan for Veikro Moskog. Kommunekart.com

### 3.2.6 Detaljreguleringsplan Stakaldefossen del av gbnr 351/1 m.fl, i kraft 2025 (Planid: 20250001)

Det er etablert veg til trafostasjon/nettstasjon på Stakaldefossen som ikkje er i samsvar med gjeldande områdeplan. Områdereguleringsplan Moskog industriområde (planid: 14312008001) frå 2013 gjeld for området, og vegen som går til trafostasjonen er opparbeidd i areal som er sett av til vegetasjonsskjerm a\_V5.

Formål med planarbeidet er å sikre areal til vegetasjonssone som skjermar eksisterande bustader mot byggje- og anleggsområdet i søraust. Det er gjeve dispensasjon for å opparbeide grunnen i byggeområde K2-K4. I tillegg er det bygd privat veg til trafostasjon og tunnelinnslag til Jølstra kraftverk som ligg nord for byggeområde K4. Planen vart vedteken 19.06.2025, sak 052/25 i kommunestyret.



Figur 26 Vedteken plan for veg Stakaldefossen.

### 3.3 Rammeføresetnader

#### 3.3.1 Overordna planar og rammer

Tabellen under syner overordna planar og rammer med betydning for planarbeidet.

Tabell 1 Overordna planar og rammer med betydning for planarbeidet

Plan	Rammer
Vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion 2022-2027	Vannforvaltningsplan er et viktig verktøy for å oppfylle vannforskriftens mål om helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannmiljøet og vannressursene.
Kommuneplanens arealdel for Sunnfjord kommune	Planområdet er i hovedsak avsatt til næringsområde i kommuneplanens arealdel.

<p>Regional plan for klima 2022 - 2035</p>	<p>Regional plan for klima er eit viktig verktøy for å styrke klima- og miljøarbeidet i Vestland og er forankra i regional planstrategi for Vestland 2020 - 2024. Planen trekker fram 5 viktige mål for klimaomstilling i Vestland fylke:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusere direkte klimagassutslepp</li> <li>• Redusere klimafotavtrykket</li> <li>• Trygt og robust Vestland</li> <li>• Sikre naturmangfald</li> <li>• Klimarettferd og folkehelse</li> </ul>
<p>Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033</p>	<p>Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Det er sett fire satsingsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Grøn næringsutvikling - Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030</li> <li>• Innovative og inkluderande samfunn - Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket</li> <li>• Areal til næringsutvikling - Rett areal til rett føremål til rett tid</li> <li>• Kompetanseutvikling i arbeidslivet - fleire arbeidstakarar med rett kompetanse</li> </ul>
<p><i>Kulturminneplan for Førde kommune 2018 - 2030</i></p>	<p>Planen skal gje grunnlag for målretta sikring, vedlikehald, informasjon om og tilrettelegging av kulturminne, i tillegg til å vere ein viktig kunnskapsbase og fagressurs for ulike brukargrupper. Kulturminneplanen er ikkje uttømande og må oppdaterast jamleg etter kvart som det vert oppdaga og registrert nye kulturminne.</p>
<p><i>Plan for klimaomstilling 2019 - 2030</i></p>	<p>I juni 2019 vedtok dei fire kommunane Gaular, Jølster, Førde og Naustdal interkommunal plan for klimaomstilling i Sunnfjord 2019-2030. Klimaomstilling omfattar såleis både samfunnsending, klimatilpassing og utsleppsreduksjon. Sunnfjord kommune må bli «smartare, tryggare og grønare»:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Smartare: Kvar enkelt tar ansvar, og Sunnfjord kommune utviklar fagmiljø, kunnskap og næring.</li> <li>• Tryggare: Bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn er tilpassa, og har redusert sårbarheit, i møte med dagens og framtidens klima.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Grønare: Sunnfjord kommune tar minst sin del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon. Nasjonalt mål er 40 % utsleppskutt innan 2030 i forhold til 1990-nivå.</li> </ul>
<i>Strategisk næringsplan for Sunnfjord 2019 - 2022</i>	Overordna mål for næringsplanen er å vidareutvikle ein sterk vekstregion i nye Vestland fylke med Sunnfjord kommune som motor. Planen skildrar korleis Sunnfjord kommune kan vere offensiv i næringsarbeidet og at kommunen skal vere eit naturleg førsteval for nyetableringar. Det inneber å vere utviklingsorienterte, og møte næringslivet med ei positiv innstilling. Kommunen har eit samfunnsansvar og må vere lojale til eksisterande planverk, men arbeidet skal utførast med ei offensiv ja-haldning.
<i>Trafikktryggingssplan 2022 - 2025</i>	<p>Visjon: Ingen drepte eller hardt skadde trafikantar i Sunnfjord kommune.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det skal ikkje førekome ulukker med personskaade der fotgjengarar og syklistar er innblanda</li> <li>• Sunnfjord Kommune og Førde tettstad skal ivareta sin rolle som nasjonal sykkelby</li> <li>• Redusere talet på utforkøyringsulukker og fokus på sikring av sideterreng</li> </ul>

### 3.3.2 Retningslinjer



Tabell 2 Retningslinjer med betydning for planarbeidet

Retningslinje	Formålet med retningslinje
Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning	<p>Formålet med planretningslinjene er å:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>sikre at kommunene og fylkeskommunene prioriterer arbeidet med å redusere klimagassutslipp, og bidra til at klimatilpasning ivaretas som hensyn i planlegging etter plan- og bygningsloven.</li> <li>sikre mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i kommunene.</li> <li>sikre at kommunene bruker et bredt spekter av sine roller og virkemidler i arbeidet med reduksjon av klimagassutslipp og klimatilpasning, og bidra til avveining og samordning når utslippsreduksjon og klimatilpasning berører eller kommer i konflikt med andre hensyn eller interesser.</li> </ol>

Statleg planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging	<p>Formålet med planretningslinjene er å</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafiksikkerheit og effektiv trafikkavvikling</li> <li>• utvikle bærekraftige byar og tettstadar</li> <li>• legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling</li> <li>• fremje helse, miljø og livskvalitet</li> </ul>
T-2/08 Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga	<p>Formålet med retningslinjene er å</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• sikre et oppvekstmiljø som gir born og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadeverknader</li> </ul>
T-1442/2021 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging	<p>Formålet med retningslinjene er å</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• legge til rette for ei langsiktig arealdisponering som tar hensyn til støy.</li> </ul>

### 3.4 Eigedomstilhøve

Planområdet er omfatta av eigedommane Gbnr. 351/30,351/31, 351/32, 351/33., med fleire. Svart strek syner planområdet. Storparten av utbyggingsområda er erverva av Sunnfjord kommune.



Figur 27 Utsnitt av eigendommur i planområdet. Henta frå Asplan Viak-kartet med grunnlag frå matrikkelen.

## 4 Dagens situasjon

### 4.1 Landskap

Planområdet ligg i landskapsregion 22 Midtre bygder på Vestlandet, ref. NIBIO sitt nasjonale referansesystem for inndeling av landskapsregionar (Puschmann, 2005). Landskapet er prega av avrunda paleiske fjellformer som omkransar det relativt opne landskapsrommet. Fjelltoppen Halvgjerda, 833 moh, står som ein vegg og tydeleg landskapselement nordaust for planområdet, medan rommet opnar seg opp mot nord og sørvest mot Mo.

Golviet i rommet er småkupert med skogkleddde åsar og naturmark. Eit større ope areal av dyrka mark ligg sentrert i planområde K4 med tilgrensande menneskeskapte element av anleggsområde og industri. Eksisterande høgspenlinjer, anleggsvegar og større planerte område med massedeponi og bygningar bryt opp landskapet og verkar som blikkfang i det elles skogkleddde landskapet.

Området har nokre visuelle kvalitetar i form av overordna heilheit av framtrudande terrengformasjonar, og vegetasjonsdekkde landskap med stadvis dyrka mark. Anleggsvegar og større industriområde opplevast som forstyrrende element og brot i landskapet. På denne måten vert totalinntrykket av området noko redusert. Verdivurdering av landskapsbilete er vurdert til noko verdi.



Figur 28 Dronefoto av landskapet i området (Asplan Viak, 2024). Utbygde område mot vestre høyrer til Sunnfjord næringspark aust.



Figur 29: Ortofoto, det er påbegynt grunnarbeid i K4 (foto datert 13.06.2024)

## 4.2 Naturmangfald

Det er gjennomført naturtypekartlegging 05.09.2024 og for den austre delen av planområdet, 08.09.2023.

Området er mykje nytta av hjort til trekk og beite. Her er både lokale beitetrekk og sesongvise trekk frå sommarområde til vinterområde. I hjorteviltregisteret er det registrert 1 påkjørsel av hjort i Ulvedalane, og nokre påkjørslar på E39. Det er viltgjerde langs E39. Områdereguleringsplanen har ei rekkjefølgjeføresegn 1.4.4 som seier at: «Det må gjerast ei vurdering av hjorten sine trasear i området, og vurdere ev. tiltak for å leie hjorten gjennom utbyggingsområda og til oversiktlege stader å krysse vegen».


I områdereguleringsplanen vart naturtypen i delar av planområdet skildra som eigna for skogsfugl og anna småvilt. Det vart då ikkje kjent om det er spelplassar eller om planområdet er eit viktig leveområde i dag. Dei mange høgspenlinjene i området gjer areala lite eigna som leveområde for skogsfugl og småvilt. I dagens situasjon er området prega av planeringsarbeid, og skogen er blitt endå meir fragmentert. Området har liten/ingen verdi for skogsfugl og anna småvilt i dagens situasjon.

Jølstra, med storaurestamme, renn gjennom planområdet. Aurestammen er av høg verdi. Det er ikkje undersøkt om denne stammen er av regional/nasjonal verdi, men den har minst lokal verdi.

Det er registrert myr i planområdet, hovudsakleg i K2 og K3. Geoteknisk rapport for K3 og K4 (2019) viser at område K4 også består av sump/myrareal. Mykje av myrarealet er allereie bygd ned i K2 og K3.

Den austlege delen av planområdet, aust for Jølstra, er i stor grad utbygd. Vegetasjonen som står att langs vegkantane her, er i stor grad påverka av framande artar. Likevel finst det einskilde små område med bærlyngskog, der relativt unge furutre dominerer i tresjiktet. Dagens arealbruk i planomtala for ein ytterlegare skildring av dagens situasjon i den austre delen av planområdet.

I den vestre delen av planområdet, innanfor den utvida plangrensa er vegetasjonen meir urørt. I tabellen og figuren nedanfor vert det gitt ein oversikt over dei ulike areala i den vestre delen av område.




Figur 30 Områda 1-3 i den vestre delen av planområdet er markert med gult. Områda er skildra i Tabell 3. Plangrensa er markert med raud linje.

Tabell 3 Oversikt over ulike areal innanfor den utvida plangrensa, i den vestre delen av planområdet.

Areal	Skildring
<b>1</b>	Sør for Jølstravegen er det ei kolle med skrint jordsmonn der bærlyngskog dominerer, med furu som det dominerande treslaget. Her finst også enkelte tre av bjørk og selje.
<b>2</b>	Nord for Jølstravegen er jordsmonnet djupare. Omkring bekken her finst det eit plantefelt, og resten av vegetasjonen nord for Jølstravegen består av bærlyngskog med relativt unge furutre. Området ligg i utkanten av eit større område med bærlyngskog som strekk seg både nord-, vest- og austover.
<b>3</b>	Sør for Jølstravegen, og aust for bekken som renn under Jølstravegen, er det eit lite restareal med blåbærskog med bjørk, gråor og furu. På vestsida av bekken er det ein fylling med relativt unge tre.

Hagelupin (SE) er svært utbreidd i store delar av området. Andre registrerte artar her er snøbær (HI), buskhyll (SE), sitkagran (SE), amerikahumleblom (HI), platanlønn (SE), parkslirekne (SE), vestamerikansk hemlökk (SE) og snøbær (HI). Dei registrerte førekomstane er vist i figuren nedanfor.



Figur 31 Registrerte førekomstar av framande arta. Utsnitt henta frå Konsekvensutgreiing naturmangfald

Ein førekomst av det raudlista treslaget alm (EN) blei registrert og eit område rundt treet er avgrensa som eit økologisk funksjonsområde (ØF1) og vist i figur 31. Verdien til økologiske funksjonsområde for artar som er sterkt trua (EN) vurderast som svært stor (jf. M-1941).



Figur 32 Det økologiske funksjonsområdet for alm, ØF1 er markert med raud sirkel. Utsnitt henta frå *Konsekvensvurdering naturmangfold (2025)*

Dei vegeterte areala innanfor planområdet er viktige både som næringsområde og leveområde for fuglar og dyr, inkludert hjort. I områdereguleringa for Moskog frå 2011 er det vurdert at planområdet har liten - middels verdi som beiteområde for hjort. Sidan 2011 har det vore meir utbygging i planområdet, og planområdet sin verdi som beiteområde for hjort er derfor truleg redusert.

Areal med vegetasjon innanfor planområdet er vurdert som eit økologisk funksjonsområde for vanlege artar, heretter omtalt som ØF2. Verdien til økologiske funksjonsområde for vanlege artar er ifølgje M-1941 noko.

ØF2 er ikkje avgrensa på kart.


### 4.3 Vassdrag

Jølstra renn gjennom planområdet. Jølstra renn bratt ned Stakaldefossen i øvre del av reguleringsområdet, for så å flate ut eit stykke og fløyme vidare gjennom eit gjel og ned mot Movatnet.

Stakaldefossen er nytta til eit elvekraftverk, Stakaldefoss kraftverk. Stakaldefoss kraftverk nyttar eit fall på 40 m og det er installert slukeevne på 45 m<sup>3</sup> /s. Vatnet blir tatt inn frå ein

tømmerkistedam oppstrøms fossen og sleppt ut i ein kanal som renn eit stykke parallelt med elva. Det er ein kvernruin nedanfor dammen på vestsida (NGI, 2010).

Aust i planområdet renn det ein bekk gjennom område K3 og K4 med utløp i Jølstra.



Figur 33 Utsnitt av elvenett i området. Henta frå NVE Atlas.

## 4.4 Kulturmiljø


Det er utarbeida eit notat «vurdering kulturminne Moskog» frå 2016 som tek for seg kulturminne i området Moskog. Det er registrert fleire kulturminne frå førhistorisk tid og nyare tid, samt delar av Den Trondhjemske postveg i området. Den Trondhjemske postveg har stor regional verdi. Det er eit kulturminne som viser den offentlege samferdsla gjennom fylket på 1700-talet, 1800-talet og tidleg på 1900-talet.

Fylkeskommunen gjennomførte §9 undersøkingar av planområdet i 2010. Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne innanfor planområdet til næringspark aust.

Intakte delstrekningar av den Trondhjemske postveg går i kryssområdet på Moskog innanfor plangrensa (Regionalt kulturmiljø id 464 Trondhjemske postveg, brune liner i figur 34). Postvegen er statleg listeført samferdselsminne.



Figur 34 Bevarte parsellar av Den Trondhjemske postveg innanfor planområdet. Det ligg også bevarte parsellar på andre sida av E39. Innanfor planområdet for K1 er bevarte parsellar regulert med omsynssone bevaring kulturmiljø. Foto: Kjell Arne Valvik, Asplan Viak



Figur 35 Utsnitt frå Riksantikvarens nasjonale kulturminnebase Askeladden viser registrerte kulturminne i plan- og influensområdet.

Like ved planområdet er det registrert tre lokalitetar med automatisk freda kulturminne. To av dei er frigjevne og fjerna etter dispensasjon. Dette er eit busetnad- og aktivitetsområde frå yngre jernalder (Askeladden id 140907) og ein kokegroplokalitet frå seinmellomalder (Askeladden id 140904). Den siste ligg innafor planområdet for K1 og er regulert med

omsynssone (båndlegging). Dette er ei tjøremile frå seinmellomalder (Askeladden id 140909).

Rett nord for plangrensa, ovanfor kraftverket i Stakaldefossen, står det to verneverdige bygningar (SEFRAK-registrert, gul trekant i figuren over). Dette er eit kvernhus og ei sag under Grimsbø, knytt til Eliæstunet. Begge bygningane er frå siste del av 1800-talet. Frå kvernhuset og ned til saga ligg det restar etter ei vassrenne for drift av saga. Tidlegare har det stått ei sag til i området ved Stakaldefossen (ikkje i SEFRAK-registeret). Denne vart riven i 1954/55 (pers. med. Alf Støfring). Begge sagene var vassdrivne heilt fram til Stakaldefossen vart utbygd, då vassinntaka vart øydelagde. Dette gjeld også kvernhuset. Den andre saga står i dag, og var i bruk heilt fram på 1980-talet. Sagene stod like ved einannan. Kvernhuset og sloket (vassrenna) var i bruk fram til 1950-talet.

Sør for planområdet ligg restane etter ei eldreelvekryssing mot Åsen og Gaular. Flotte brukar med smijansrekkverk ligg godt bevart på begge sider av Jølstra, med tilførselsvegar ned mot bru-kara intakt. Her er også parsellar med stabbesteinar.



*Figur 36 Bevart bru-kar like sør for planområdet knytt til eldre brukryssing mot Åsen og Gaularfjellet (Fv. 613).  
Foto: Kjell Arne Valvik, Asplan Viak*


Samferdsleminna i og ved planområdet er samla vurdert til å ha stor regional og nasjonal verdi.

## 4.5 Nærmiljø og friluftsliv

I naturbase er det innanfor område K2 og K3 registrert friluftslivsområde av tidlegare Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Følgjande stikkord er gitt om området: fottur, sykkel og riding. Området er middels tilrettelagt med noko bruk, hovudsakleg av lokale. Det er også opplyst om bruk av området til orienteringslaup.

Med bakgrunn i verdikriteria frå Miljødirektoratet sin rettleiar M98 - 2013, er friluftslivsområdet vurdert til å ha verdi C - Registrert friluftslivsområde. Det vil sei «noko verdi» (Statens vegvesen, 2021).


Postvegen (svak gul strek i kartet under) frå Mo VGS og opp langs Sunnfjord næringspark vest er brukt til turridding og fotturar, trimturar.



Figur 37 Utsnitt av friluftslivsområde i planområdet. Svak gul strek syner den Trondhjemske postveg som vert nytta til turridding og andre trimturar.

## 4.6 Støy og ureining

Storparten av planområdet ligg utanfor støysone frå E39 og Holsavegen. Bustadar ved næringsparken i planområdet vert ikkje rørde av vegstøy i dagens situasjon. Eksisterande bustadar ved Moskogkrysset ligg innanfor gul og raud støysone frå E39.



Figur 38 Støysoner langs E39 og Holsavegen. Utsnitt henta frå støyrapport.

## Grunnforureining

Jamfør Naturbasekart er det ikkje registrert ureining i området.

Jamfør *Geoteknisk datarapport Sunnfjord næringspark K3 og K4 (01.03.2019)* av Asplan Viak AS, er det nemnt at frå grunneigar er det blitt fortalt at sumpen omtrent midt i område K4 tidlegare blei brukt som fyllplass av diverse materiale og det må forventast at dette området inneheld forureina massar/avfallsmassar. Det blei blant anna dumpa nokon gamle køyretøy (metallrestar) ned i sumpen.

Det er også gjennomført miljøkartlegging av helse- og miljøfaglege stoff i ein eksisterande betongsilo inne på næringsområdet. Arbeidet vart gjort i samband med rivearbeid/miljøsanering og eventuelt gjenbruk av betongmassane. Omtale av miljøkartleggingsarbeidet er summert opp i vedlagt rapport *Miljøkartleggingsrapport - Betongsilo, Sunnfjord næringspark (02.07.2024)* av Asplan Viak AS. Miljødirektoratet har gitt løyve etter forureiningslova §11, jf. §16 til gjenvinning av betongen frå konstruksjonen med vilkår.

## 4.7 Naturressursar

I planområdet er det for det meste samanhengande barskogområde med innslag av fulldyrka jord, busetnad og open fastmark. Delar av den dyrka marka i område K4 vert drifta i dag og vert nytta til grasproduksjon, i andre delar er det påbegynt grunnarbeid og utfylling. Storparten av skogsområda i planområdet er av høg bonitet, med mindre parti av skog med låg bonitet mot aust i K2 og K3. Eit mindre skogsareal som ligg på den fulldyrka jorda, er av uproduktiv lauvskog.




Figur 39 Kartutsnitt frå markslagskart med AR5 og bonitet. Henta frå Nibio Kilden 13.11.2025.

## 4.8 Landbruk

Innanfor planområdet er det eit større område med fulldyrka jord på om lag 71,2 daa, med innslag av lauv- og barskog. Store delar av jordbruksarealet ligg innanfor område K4. I dag vert den dyrka marka nytta til grasproduksjon. Områda elles i planområdet består for det meste av barskog, for utanom K2 og K3 som er fylt ut med steinmassar i dag. Delar av den dyrka marka er vurdert til stor verdi (raud skravur) etter Nibio sin verdiklassifisering basert på AR5 og DMK. Den resterande fulldyrka jorda er vurdert til middels verdi, som vil seie fulldyrka organisk jord, fulldyrka tungbrukt jord, samt innmarksbeite og overflatedyrka jord som er jorddekt.

Jordbruksarealet er vurdert til å ha «middels verdi» med bakgrunn i at arealet, sett i ein større samanheng, ikkje heng saman med andre nærliggande større landbruksareal.

Storparten av arealet er også vurdert til å ha middels verdi, der jordlaget består av organisk jord som ikkje er tungbrukt.



Figur 40 Verdiklassifisering av fulldyrka jord (Nibio).

## 4.9 Barn og unge sine interesser


Innanfor plangrensa er det ein bustadar der det er moglegheit for at barn oppheld seg. Det er utarbeida gang- og sykkelveg langs Holsavegen mot krysset ved E39. Planområdet ligg i umiddelbar nærleik til friluftslivsområde.

## 4.10 Infrastruktur

### 4.10.1 Veg

Tilkomst til planområdet er via Jølstravegen, E39, som er hovudferdselsåra mellom Førde og Skei. Ved Moskog er det eit vegkryss frå E39 som leiar inn på Holsavegen (fv. 613) sør for planområdet. Frå denne vegen kjem ein inn på vegen Stakaldefossen, som fører til bustadane ved Stakaldefossen, samt Jølstra kraftverk og Statnett sin transformatorstasjon i nordvest.

Ifølgje *Trafikktknisk vurdering av Moskogkrysset på E39 (2024)* er årstdøgnetrafikken per 2024 for E39 på 4500, der 17% er andel lange køyretøy. Timetrafikken er henta frå trafikkdataportalen.



Figur 41: Utsnitt av ÅDT i kryss. Henta frå Trafikkteknisk vurdering (2024).

Det blei utført tellingar i området i første del av juni i 2024. Figuren under syner trafikktal i kvar retning og samla fredag 07.06.2024 kl 15-16 for tellepunkta *Moskog vest*, *Moskog aust* og *Moøyane*. Dette tidspunktet var maks timetrafikk i telleperioden.




Det er henta ut data over politirapporterte trafikkulykker i perioden 01.01.2014 – 31.12.2023 frå vegkart.no. I den perioden er det kun registrert ei ulukke på E39, litt nordøst for krysset. Det er ei møteulukke mellom ein lastebil og ein personbil. Ulukka kan ikkje knytast til krysset.



Figur 42 Registrert trafikkulykke i området ved krysset, fra vegkart.no.

Skilta fartsgrense langs E39 er hovudsakleg 70 km/t, med unntak ved avkøyrsla inn på Holsavegen, der ho er 60 km/t. Holsavegen har 80 km/t på strekka sør for planområdet, medan Stakaldefossen har fartsgrense på 50 km/t.

Strekninga Farsund til Kusslia (ca 900 m) er ferdig utbygd med gang og sykkelveg.



Figur 43 Dagens kryss ved Moskog (google Maps)

### Bru

Over Jølstra går det ei eksisterande køyrebru. Eksisterande køyrebru er ei sprengverksbru (bru med skrå understøtte) i plaststøpt betong fra 1961. Der hovudvegen kryssar elva er ho smal og det er berg i dagen. Brua har ei oppgitt total lengde på 51 meter.



Figur 44\_ Kartutsnitt som syner dagens situasjon.



Figur 45: Bilete av dagens bru frå befarings. Bilete henta frå Konstruksjonsrapport, Asplan Viak AS.

#### 4.10.2 Vatn og avlaup


Det ligg kommunale VA-leidningar, VL 250 SJK og SP 160 PP langs Jølstravegen og bort til brua ved K1. Det er også lagt VL 250 PE og overvass,- og spillvassleidningar til inste rundkøyring i K1. Kommunen melder om problem med stillestående vatn inne på K1 i dag.

Det går to eksisterande overvassleidningar, OV 315 plast og OV 400 BET, frå K4 og til Jølstra. OV 315 plast koplast til OV 1000 BET i Stakaldefossen som går til Jølstra. Ved brua går det ei 1000 BET stikkrenne under Stakaldefossen og til bekkelaup som leier til Jølstra.

Under Holsavegen i sør går det mange stikkrenner som leier overvatn til grøfter og bekkelaup. Overvatnet avrenn både til bekk og Flåtetjørna i sør og til stikkrenne under Stakaldefossen og til bekken og Jølstra i vest.

### Avrenning/Overvatn


Planområdet får tilrenning frå eit stort område i nord og vest. Avrenningslinjer og delfelt for området før utbygging er synt i figuren under. Felt A, B1 og B2 har avrenning til Jølstra i vest. Felt C1 og C2 har avrenning mot sør til Flåtetjørna og deretter ut i Jølstra.




Figur 46 Delnedbørfelt før utbygging. Utsnitt henta frå VAO-plan

#### 4.10.3 Høgspentanlegg

Det går fleire høgspenlinjer gjennom planområdet, jamfør NVE Atlas. Kartgrunnlaget er likevel ikkje oppdatert og fleire linjer er fjerna eller omlagt. Det ligg også ein kraftverkstunnell frå Jølstra vasskraftverk gjennom planområdet, under terrenget. Stakaldefossen kraftverk ligg innanfor planområdet, medan Moskog transformatorstasjon ligg rett nord for planområdet.



Figur 47 Utsnitt av eksisterende høgspentlinjer innanfor planområdet.




Figur 48 Kraftverkstunnell under bakken frå Jølstra kraftverk og Stakaldefossen kraftverk. Utsnitt henta frå NVE Atlas

## 4.11 Aktsemd naturfare

### 4.11.1 Skred

Planområdet ligg innanfor aktsemdsomsråde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred, jamfør NVE Atlas. Det er utarbeida skredfarevurdering av Asplan Viak, Skredfarevurdering K2, K3 og K4 (31.10.2024 ~~20.04.2026~~).



Figur 49 Aktsemdskart for snøskred, steinsprang og for jord- og flaumskred, henta frå NVE Atlas.


#### 4.11.2 Grunntilhøve og geoteknikk

Lausmassar kring planområdet syns i figuren under. Det er tynn morene og noko myr i K2 og K3. For område K4 er det registrert elveavsetning lengst i vest nær Jølstra, og myr og breelvavsetning i midtre og søndre del. Prøvegravingar viser i hovudsak finkorna sand, med innslag av grus og stein over berg, med mektigheit på inntil om lag 5,5 m.



Figur 50 Oversikt over lausmassar på området. Lysgrøn farge indikerer tynn morene, grønn farge indikerer tjukk morene, brun farge indikerer torv/myr, oransje farge indikerer breelvavsetning og gul farge indikerer elve- og bekkeavsetning. Utsnitt henta frå VAO-plan, og er basert på ei eldre planavgrensing.

Jamfør NVE Atlas ligg det aktsemdsområde for kvikkleireskred innanfor planområdet.




Figur 51 Utsnitt av aktsemdssone for kvikkleire, henta frå NVE Atlas.

I samband med planarbeidet er det utarbeidd vurdering av områdeskredfare: *Områdeskredfare Sunnfjord Næringspark*, av dato 11.12.2024, Asplan Viak AS. Vurderinga av områdeskredfare baserer seg på tidlegare grunnundersøkingar og geoteknisk datarapport i området, i samband med regulering av Sunnfjord Næringspark aust. Dette er basert på enkle sonderingar og georadar utført av Asplan Viak og totalsonderingar og prøvetaking utført av Multiconsult. Det er i tillegg tatt ut lausmasseprøvar som er analysert av Multiconsult.

Sjå kapittel 6.3.2. i planomtale og i rapport for områdeskredfare for nærare omtale av grunnforhold.

#### 4.11.3 Flaum

Jamfør NVE sine kartdatabasar ligg delar av planområdet innanfor aktsemdsområde for flaum.



Figur 52 Aktsemdskart for flaum, henta frå NVE Atlas. NVE har for øvrig oppdatert sine aktsemdskart i juni 2025. Aktsemdskarta er derfor meir omfattande enn før.

## 5 Omtale av planframlegget

Planframlegget bygger i stor grad på premissa som er sett i områdeplanen for K2, K3 og K4. Det vert lagt til rette for industri-/næringsfelt som dekker eit spenn av aktuelle verksemder, frå forretning for plasskrevjande varer, til arealkrevjande industri og lager. I tillegg har ein vald å leggje til rette for at det kan etablerast energikrevjande industri som til dømes datalagringscenter. Ved at det vert lagt til rette for at ein kan etablere varmegjenvinningssentralar i området, kan restvarme frå energikrevjande industri nyttast inn i andre verksemder. Rundt industrifelta skal det leggjast til rette for grønne vegetasjonsskjermer. Planframlegget legg elles til rette for at det kan etablerast nytt kryss mot E39, løysingar for mjuke trafikantar inkl. gangbru, punktutbetringar av fylkesvegen med forbikøyringslommer, samt interne vegløyser.



### 5.1 Planlagt arealbruk


#### 5.1.1 Plankart

Plankart ligg vedlagt, samt tabell med oversikt over arealformål og størrelsar.




Figur 53: Framlegg til plankart (datert 21.04.2026). Utarbeidd av Asplan Viak AS.






Figur 54: Midlertidig bygge- og anleggsområde i plankartet.




Figur 55: Bestemmelseområde i plankartet.

### 5.1.2 Illustrasjoner

Nedanfor synes framlegg til illustrasjonsplan. Illustrasjonsplanar, snitt og 3D-skisser ligg vedlagt planframlegget.



Figur 56 Utsnitt av illustrasjonsplan for planområdet. Her frå Moskogkrysset.



Figur 57: Utsnitt fra illustrasjonsplan. Utsnittet syner i hovudsak område K4 (KBA5-6).



Figur 58: Utsnitt frå illustrasjonsplan. Utsnittet syner i hovudsak område K2 og K3 (KBA1-4).

## 5.2 Reguleringsformål

### 5.2.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr.1)

#### Bustadar, frittliggende-småhus (B, BF)

BF1 - BF5 - Føremålet gjeld for eksisterande bustadar ved Moskogkrysset og ved Stakaldefossen.

#### Kombinert byggje - og anleggsformål (KBA)

Føremåla KBA1- KBA6 omfattar areal i næringsområda K2, K3 og K4 i områdeplanen. Det som tidlegare var omtala som K2-feltet er i detaljreguleringa felt KBA3 og KBA4, K3 er no KBA1 og KBA2, medan K4 er KBA5 og KBA6.

Areala kan nyttast til industri, lager, forretning, transportbedrifter, vegserviceanlegg, datasenter og/eller transformatorstasjon. Det er ikkje bestemt kva slags bedrifter som skal etablere seg i området, men området kan utformast etter den enkelte bedrift sitt behov.

Det vert opna for forretning i felt KBA4, KBA5 og KBA6. Forretning er avgrensa til plasskrevjande varer, i form av bilar, landbruksmaskiner, trelast og andre større byggevarer, gartneri/hagesenter, båtar og campingvogner.

Parkering, oppstillingsplass for utrykking og renovasjon vert løyst innanfor kvart enkelt delfelt. Det skal etablerast HC-parkeringsplassar, sykkelparkering og moglegheit for elbil-lading.

Langs område KBA3 vert det etablert natursteinsmur mot veg (KV3).

For KBA7 vert området regulert i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Sunnfjord næringspark - område BKB1 og BKB2 (Planid: 4647-143220150003).

Det er sikra i føresegnene at 2 % av næringsområda skal setjast av til grøntområde med tilplanting.

## KBA2

Innanfor felt KBA2 er det tillate å etablere renovasjonsanlegg/sorteringsanlegg. Bakgrunnen for dette er at det har vore vurdert å flytte ein del av dei sentrale funksjonane til SUM frå Einestølen til eit oppgradert anlegg på Moskog. Deponi, komposteringsanlegg og omlasting av reinseanleggslam frå SUM sine eigarkommunar, er føresett framleis skal vere på Einestølen. Reguleringsplanen låser ikkje at tomte skal nyttast til dette formålet, men opnar for at det skal vere mogleg dersom flyttinga vert aktuell.

Det er lagt til grunn eit anlegg som omfattar:

- Ein gjenvinningsstasjon med servicebygg, containerplassar og trafikkareal.
- Eit område for administrasjon, drift og renovasjon som inneheld administrasjonsbygg, parkering, verkstad og vaskehall for renovasjonskøyretøy, lagerbygg for farleg avfall (farleg avfall skal handterast, dvs. sorterast, omemballerast, pakkast og klargjerast for vidaresending) og utsal av ombruksting.
- Eit område for sortering, mellomlagring og omlasting av materialfraksjonar, hageavfall, trevirke og restavfall, containarplassar, parkering under tak for hjullastar, sorteringsmaskin og truck, fylling av drivstoff og el-lading.

Anlegget inneheld som tidlegare nemnt ikkje deponi eller kompostering. Anlegget vil likevel kunne krevje eige løyver frå Statsforvaltaren knytt til drifta. Løysingar for oppsamling og eventuell reinsing av overvatn må vurderast.

### Energianlegg

EA - Føremålet omfattar eksisterande energianlegg, Stakaldefossen kraftstasjon.

## 5.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5 nr.2)

### Veg

#### Køyreveg (o\_KV)

o\_KV1 og o\_KV2 - Føremålet gjeld eksisterande fv.613 Holsavegen, mot Moskogkrysset. Vegen vert endra i krysset ved Moskog som følgje av utbetring av vegkrysset. Vegkrysset vert utbetra til å tole ein framtidig auke i trafikkmengda som følgje av planframlegget.

o\_KV3 - Vegen vert regulert som ny offentleg tilkomstveg inn til næringsområda KBA1-KBA4. Vegbreidda er på om lag 7,6 m. Det skal etablerast rundkøyning i enden av vegen, markert som infrastruktursone H410.

o\_KV4 og o\_KV5 - Vegane er regulert som offentleg køyreveg inn i område KBA3 og KBA4. Vegbreidda er på 8,5 m og 7,4 m. I enden av vegane er det tenkt snuareal for køyretøy. Årsak til variasjon i vegbreidd handlar om nødvendige breiddeutvidingar i kurver.

o\_KV6 - Føremålet gjeld regulert offentleg køyreveg som leier inn til område KBA5 og KBA6. Vegbreidda er 7 m.

o\_KV7 - Føremålet gjeld eksisterande E39 gjennom Moskog.

o\_KV8 - Avkøyrsløse frå KV1 (Holsavegen) mot sør.

o\_KV9 - Vegen er regulert som offentleg køyreveg som leier opp til bustadane ved Stakaldefossen. Vegen er regulert med breiddeutviding på delar av strekket og vert elles regulert i tråd med eksisterande situasjon.

f\_KV10 - Formålet omfattar privat/felles vegareal som leier opp til bustadane i nord og til vasskraftanlegg og trafostasjon. Sørleg del av vegen skal utvidast noko i samband med avkøyrsløse til næringsområdet. Elles vert vegen regulert i tråd med eksisterande situasjon.

o\_KV11 - Vert regulert som bru over elva Jølstra

### Fortau (o\_FO)

FO1 – FO8 – Areal regulert til fortau, i hovudsak langs E39, langs KV6 i område KBA5 og KBA6 og langs nye tilkomstvegar i næringsområde KBA1 – KBA4.

### Gang-/sykkelveg (o\_GS)

O\_GS er gangbru over Jølstra.

O\_GS2 er del av postvegen. Denne skal ikkje vere køyrbar med unntak av drift.

O\_GS1 og o\_GS7 er køyrbar gang- og sykkelveg i tilknytning til eksisterande vegar/eigedomar slik det går fram av plankartet.

O\_GS3 – o\_GS6 er regulert som gang- og sykkelveg frå Moskogkrysset og vidare langs Holsavegen. Gang- og sykkelvegen knyter seg på o\_FO2 inn til KBA5-6 og o\_FO5 inn mot område KBA3-4. GS6 vert nytta som midlertidig anleggsveg i anleggsfasen. Ved ferdigstilling av næringsområda vert anleggsvegen gjort om til gang- og sykkelveg.

### Gangveg, gangareal, gågate (o\_GG)

O\_GG1 er køyrbart gangareal tilknytt gangtilkomst ned til Jølstra.

### Anna veggrunn – grøntareal (AVG)

Føremåla omfattar annan veggrunn knytt til vegareal. Områda vert beplanta og kan nyttast til blant anna belysning, grøfter, murar og fyllingar.

### Anna veggrunn – teknisk anlegg (AVT)

Føremålet omfattar eksisterande transformatorstasjon.

### Parkering (P)

Innanfor formålet kan ein etablere areal knytt til rasteplass og parkering. Det er også opna for servicebygg eller kiosk. Dagens bygning kan vidareførast.

### Parkeringsplassar (PP)

Innanfor formålet vert det etablert areal som skal nyttast som parkeringsplassar for besøkande og turgåarar som vil nytte nærområda. Parkeringsplassen er privat.

### Kombinert formål for samferdsleanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear (SK)

Sona omfattar moglegheit for å sikre samanhengande løysing for mjuke trafikantar. Sona ligg mellom FO5 og FO7.

### 5.2.3 Grønstruktur (§12-5 nr.3)

#### Blågrønstruktur (BG)


BG1 - BG4 - Formålet omfatter strandsona langs elva Jølstra. I området skal det eksisterande vegetasjonsbeltet (kantvegetasjon) oppretthaldast.

#### Vegetasjonsskjerm (VS)

VS1 - VS14 - Områda vert regulert til vegetasjons- og buffersone som skal fungere som visuell skjerming mellom byggeområde og omkringliggende areal. I VS14 vert det etablert eit nytt bekkeløp som renn ned gjennom grøntdraget mot o\_VS9.

Innanfor f\_VS6 mellom KBA6 og bustadar ved Stakaldefossen, vert det opparbeidd felles skjermingsvoll med stadeigen vegetasjon. Vollen skal følgje eksisterande veg og ha helningsgrad 1:2 ut mot veg og 1:1,5 inn mot KBA. Maks breidde på voll er 15m og minimum breidd 12m. Maks høgde på voll er 3,5 m, rekna frå vegkanten og opp til toppen av voll, og minimum høgde 3m.

VS7, VS8, VS12 og VS13 er grøntområde langs køyrevegane der det skal opparbeiddast trerekker.



Figur 59: Snitt H som syne vegetasjonsvoll (f\_VS3) mellom KBA5 og bustadar i Stakaldefossen.



Figur 60: Illustrasjon av vegetasjonsvoll mellom område KBA5 og bustadar ved Stakaldefossen. Utarbeidd av Asplan Viak AS.

#### 5.2.4 Landbruks,- natur - og friluftsmål samt reindrift (§12-5 nr.5)

##### LNFR

LNFR1 - LNFR7 - Områda vert regulert til landbruksformål.

##### Vern av kulturmiljø eller kulturminne (KMV)

Føremålet omfattar kulturminnet Trondhjemske postvei og eitt automatisk freda kulturminne (askeladden id 140909). Det er innafor sona ikkje opna for tiltak som kan øydelegge eller på nokon måte skjemme dei påviste kulturminna.

#### 5.2.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§15-5 nr.6)

##### Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)

BSV1 og BSV2 - Føremålet omfattar elva Jølstra, samt mindre elv/bekk ved Moskogkrysset.

## 5.2.6 Omsynssoner (§§12-6, 12-7 og 11-8)

### Sikrings-, støy- og faresoner (§11-8 a)

#### Sikringssone: Frisikt

I frisiktsone H140 skal det til kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegar sine nivå.

#### Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)

Omsynssone gjeld eksisterande høgspentlinjer, inkludert sikringssone. Det vert lagt opp til manøvreringsareal/parkering under høgspentlinja.

#### Flaumfare (H320)

Innafor sone H320\_1-H320\_70 (KBA1-4) er det fare for 1000-års flaum (inkludert 40% klimapåslag)

Innanfor sone H320\_100 (KBA5-6), H320\_200 og H30\_201 (Jølstra) samt H320\_202 (Moskogkrysset) er det fare for 200-års flaum (inkludert 40% klimapåslag).

For sone H320\_1-70 og H320\_100 kan flaumsituasjonen sjåast som løyst når overvasstiltak er løyst i samsvar med VAO-planen.

#### Ras- og skredfare (H310)

Sona omfattar fareområde for snøskred med årleg nominelt sannsyn på 1/1000 og 1/5000.

#### Krav som gjeld infrastruktur (H410)

Det er sett av areal til rundkøyring og tilkomstveg i næringsområde KBA1 og KBA2. Framlegg til plassering går fram av illustrasjonsplan.

#### Andre sikringssoner (H190)

Sonene ligg i KBA1 og syner eksisterande tunellar under bakken i tilknytning til Jølstra kraftverk.

#### Bevaring kulturmiljø (H570)

Sona gjeld for bevaring av delar av samferdselsminnet den Trondhjemske postveg.

#### Omsyn landskap (H550)

Sona gjeld for eksisterande knausar/kollar i landskapet som skal takast vare på. Kollane ligg i vegetasjonsbelta mellom næringsområda.

### Bandlegging etter andre lover (H740)

Sona omfattar kraftanlegg som er bandlagt etter energilova.

### Støysoner (H210 og H220)

Støysonene omfattar raud og gul sone for vegtrafikkstøy frå E39 og Fv 614. For nye tiltak i sonene skal støyvurdering Detaljregulering K2, K3 og K4 datert 07.07.2025, utarbeidd av Asplan Viak skal leggast til grunn.

### Føresegnområder (§12-7)

#### Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (#)

Føresegnområda #10-11 omfattar soner for etablering av bekkeløp og tiltak for å hindre overvatn inn i område KBA3.

#### Midlertidig bygge- og anleggsområde (#)

Føresegnområde #1-9 er område som kan nyttast som mellombels anleggsområde.

## 5.3 Utnyttingsgrad, byggehøgder og byggegrenser

### Byggehøgde

Innanfor næringsområde KBA1 - KBA3 er maksimal byggehøgde sett til 30 meter over planeringshøgde.

Innanfor KBA4 er maksimal byggehøgde 20 meter over planeringshøgde.

Innanfor KBA5 og KBA6 er maksimal byggehøgde 15 meter over planeringshøgde. Maks gesimshøgde er 12 meter.

Byggehøgder trappar seg ned frå den høgste plassert inn mot fjell og lengst frå busetnad, medan den lågaste byggehøgden vil vere i felta ved Stakaldefossen. Det er opna for at tekniske installasjonar som tankar, siloar, ventilasjonsanlegg på tak, heishus, piper etc. er tillate over maksimal byggehøgde.

### Utnyttingsgrad

KBA1, KBA2 og KBA4 har utnyttingsgrad BYA =65%.

KBA3, KBA5, KBA6 og KBA7 har utnyttingsgrad BYA=50%

### Byggegrense

Byggegrense innanfor planområdet varierer mot grøntdrag/vegetasjonsskjerm og mot veg. Byggegrensa føl omsynssona for høgspentanlegg. Der byggegrensa ikkje er vist, er byggegrense lik formålsgrense. Byggegrense går fram av plankartet.

## 5.4 Universell utforming

Byggverk og uteområde skal utformast slik at dei kan brukast av alle, i så stort omfang som mogleg. Krav i TEK17 gjeld.

## 6 Verknader av planframlegget

Det er utarbeidd konsekvensvurderingar av aktuelle fagtema for miljø og samfunn. Verknadane av tiltaka er belyst gjennom dei generelle utgreiingskrava i pbl. § 4-2 planomtale, med vurdering og skildring av planen sine verknadar for miljø og samfunn.

Store delar av område er i dag planert ut og med pågåande grunnarbeid, noko som gjer at det å vurdere konsekvensar opp mot dagens situasjon vil variere ut i frå kvart enkelt fagtema. I hovudsak vil det vere gjort ei vurdering med utgangspunkt i situasjon før utbygging, men i nokre tilfelle vert det vurdert opp mot dagens situasjon der område KBA1-4 allereie er ferdig planert ut. Dette gjeld mellom anna for tema naturmangfald, der ein har teke utgangspunkt i situasjonen ved befaring, då grunnarbeid allereie var i gang.

### 6.1 Miljø

#### 6.1.1 Landskap

Planframlegget legg til rette for utvikling av eit større næringsområde med fleire nye bygg og infrastruktur. I dag er store delar av planområdet, i hovudsak område KBA1-KBA4 planert ut og fylt ut med steinmassar, anleggsveggar, skjeringar og fyllingar. I nærleiken av planområdet er det andre store næringsområde beståande av blant anna transformatorstasjonar, høgspenlinjer og vasskraftverk.

Næringsområde KBA5-6 er i dag dyrka mark og vil verte forringa som følgje av utbygginga. Området er på omlag 58 dekar. Det er lagt til rette for at dei nye næringsbygga her kan ha ei maksimal høgd på 15 meter over planeringshøgde. Område KBA1-3 vil ha maksimal høgd på 30 meter og KBA4 vil ha maksimal høgd på 20 meter. Slike høgder vil vere synleg frå fleire nærliggande område. Nytt vegkryss og ny gang- og sykkelveg langs eksisterande veg inngår som ein del av eksisterande veganlegg.

For å redusere omfanget av landskapsinngrepa ved vert fyllingane tilpassa landskapet med slake og avrunda skråningar som skal revegeterast med stadeigen vegetasjon. Utfyllingane vert forma slik at dei heng godt saman med terrengformasjonane i området og vert utforma med tanke på at utsikten frå bustadane ved Stakaldefossen i størst mogleg grad ikkje skal forringast. Fleire knausar mellom næringsområda skal bevarast for å skape variasjon i landskapet og dempe inngrepa i noko grad. Fleire grønkorridorar mellom næringsområda vert bevart.

Eksisterande vegetasjon langs Holsavegen vil fungere som skjerming og dempe uttrykket av næringsområda sett frå vegen. Det vert etablert voll langs vegen Stakaldefossen, rett vest for område KBA5-6, som skal fungere som skjerming. Frå E39 vert næringsområda i stor grad skjult bak ein terrengrygg. Spesielt ved sommarstid vil næringsområde vere vanskeleg å sjå på grunn av frodig vegetasjon. Nye bygningar skal tilpassast landskapet i utforming og materialval.

Generelt vil utbygging av større næringsområde føre til endringar i landskapet og verke inn på nær- og fjernverknaden. Nedbygging av dyrka mark i KBA5-6, etablering av vollar og skjeringar, næringsbygg og infrastruktur vil føre til store terrenginngrep, men sett i ein større samanheng for området, vil landskapsbiletet i sin heilheit ikkje endrast betydeleg, då det er etablert fleire bedrifter og industri i nærleiken med trafostasjon og høgspenteleidningar. Store areal i område KBA1-KBA4 er allereie omarbeida, og nytt kryss og ny gang- og sykkelveg langs eksisterande veg inngår som ein del av eksisterande vegalegg. Konsekvensen vert vurdert som noko negativ konsekvens for landskapsbiletet.



Figur 61 Illustrasjon av næringsbygg innanfor planområdet i bakkant. Fremst i illustrasjonen ligg eksisterande næringsområde (Sunnfjord næringspark vest, K1)



Figur 62: Illustrasjon av mogleg næringsbebyggelse i område KBA1 – KBA6. Eksisterande trafostasjon i bakkant.

### 6.1.2 Naturmangfald

Jamfør rapport *Detaljregulering K2, K3 og K4 – Konsekvensvurdering for tema naturmangfold* (25.06.2025), er det avgrensa to økologiske funksjonsområde, eitt for det raudlista treslaget alm (EN - sterkt trua) ØF1, og eitt for vanlege artar ØF2, sjå figur 31 kapittel 4.2 for plassering av ØF1.

ØF2 er alle areala med vegetasjon innanfor planområdet og er vurdert som eit økologisk funksjonsområde for vanlege artar. ØF2 er ikkje avgrensa på kart.

Det økologiske funksjonsområdet ØF2 blir påverka av tiltaket. Vurderingar av påverknad og konsekvensar for ØF2 skildrast i tabellen nedanfor.

Del- område	Påverknad	Konsekvens
ØF2	Ny kryssløysing i den vestre delen av planområdet og ytterlegare utbygging i den austre delen av planområdet vil redusere arealet til ØF2 noko. E39 og Jølstra utgjør allereie barrierar for hjortens vandring, og det same gjeld for utbygginga i den austre delen av planområdet og utbygginga mellom E39 og Jølstra. Ein ytterlegare utbygging av område vurderast å auke barriereverknaden i ubetydeleg grad, med ubetydeleg påverknad på dyrs og fuglars moglegheit for næringssøk og vandring. Landbruksareala i den austre delen av planområdet er allereie bygd ned i stor grad, og ein ytterlegare nedbygging vil derfor truleg ikkje forringe verdien av ØF2 som beiteareal for hjort.	Påverknaden ubetydeleg og verdien noko gir konsekvensen ubetydeleg.

Figur 63: Vurderingar knytt til delområde ØF2 som blir påverka av tiltaket.

Den samla konsekvensen er basert på summen av konsekvensane for ØF2 samt ei heilskapleg vurdering av den totale belastninga. Fuglar og dyr (inkludert hjort) innanfor influensområdet har dei siste åra vore utsette for støy og forstyrringar frå verksemd i området. I lys av dette vert den samla konsekvensen vurdert som noko negativ.

Anleggsarbeidet kan føre til meir støy og forstyrringar for fugle- og dyrelivet, og dermed midlertidig redusere funksjonane til ØF1.

Det er lagt inn eit nord-sørgåande drag med grøntområde mellom KBA4 og KBA5 der vegetasjon skal ivaretakast i størst mogleg grad. Dette vil truleg kunne fungere som ein trasé for hjort og andre dyr for å kunne vandre i nord-sør retning og krysse Holsavegen.

Følgjande føreslegne tiltak for å ivareta naturmangfaldet jamfør KU rapport naturmangfald er:

- Store tre bør bevarast så langt det er mogleg. Dersom det er naudsynt å felle store og gamle tre, skal dei liggje att for å brytast ned naturleg.
- Tre og vegetasjon som må fjernast på grunn av tiltaket, og som eignar seg for revegetering, skal flyttast til eigna område innanfor planområdet.
- Det er lagt inn eit nord- sørgåande drag med grøntområde i den austre delen av planområdet der vegetasjonen skal ivaretakast i størst mogleg grad. Dette vil truleg kunne fungere som ein trasé for hjort og andre dyr for å kunne vandre i nord- sør retning og krysse Holsavegen.

- Det er registrert ein rekke framande artar innanfor planområdet. Før igangsetting må det lagast ein tiltaksplan for handtering av massar infisert med framande artar for å unngå å spreie artane innanfor og ut av planområdet.
- Reine massar og vegetasjon som finst naturleg i nærområdet skal nyttast ved revegetering

### 6.1.3 Kulturmiljø

Delar av den Trondhjemske postveg ligg innanfor planområdet, langs E39. Det skal ikkje gjerast tiltak som påverkar kulturminnet, og samferdselsminnet vert sikra i plan med omsynssone bevaring kulturmiljø (H570). Det ligg elles ingen kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet. Det er likevel viktig at ein under opparbeiding av området søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk eller kulturminne dersom det vert oppdaga i anleggsfasen. Samla konsekvens for kulturmiljø er vurdert som ubetydeleg.

### 6.1.4 Nærmiljø og friluftsliv

Store delar av næringsområdet er allereie opparbeidd og planert ut innanfor registrert friluftslivsområde av «noko verdi». Tiltaka i planen påverkar ikkje vidare andre friluftslivsområde, og vil derav truleg ikkje føre til særlege konsekvensar for friluftslivet. Det vert etablert grønkorridor mellom næringsområda og det vert etablert offentleg parkeringsplass som kan nyttast av besøkande som ønsker å nytte nærliggande naturområde. Temaet vert vurdert til å ha «ubetydeleg endring» for friluftslivet i området.

### 6.1.5 Vassdrag

Jamfør notat, *Vurdering av vannforskriften (2025)*, vil planen påverke tre vassførekomstar og ein grunnvassførekomst. Vassførekomstane Jølstra inntak-utløp Stakaldefoss kraftverk og Jølstra nedstraums utløp Stakaldefoss kraftverk er nedstraums planområdet og siste nemnt blir også rørt av ei ny bru over Jølstra. I tillegg kryssar to bekkar som tilhøyrrer vassførekomsten Jølstra bekkefelt planområdet. Ein bekk kryssar det planlagde næringsområdet frå aust til vest mot Jølstra, mens ein bekk kryssar ved Moskogkrysset. Grunnvassførekomsten Moskog ligg delvis innanfor planområdet.

Det er ikkje tenkt å gjere tiltak i vassdraget Jølstra anna enn å kople vass,- spillvass- og overvassleidningar til eksisterande VA-anlegg på vestsida av elva med nytt anlegg på austsida.

Gjennom planområdet vert det etablert nytt bekkeløp. Det er planlagt å behalde rør ved KBA1 - 2 og renne frå KBA1 - 2 til KBA5 - 6. Etter det skal bekken leiast mellom KBA5 - 6 og K1 sørover til gang- og sykkelveg og ut til Jølstra langs vegen. Før utløpet til Jølstra er

det etablert en fangdam i dag. Store delar av bekkeløpet er i dag lagt i rør under næringsområda.

Øvre del av bekkeløpet vert lagt i plastrer, sjå bilete under.



Figur 64: Utsnitt av øvre del av bekkeløpet.

### 6.1.6 Vassmiljø

Det er utarbeidd ei vurdering av vassforskrifta, *Notat Vurdering av vannforskriften (2025)*, i høve vassmiljøet innanfor planområdet. Steinmassar frå driving av tunnel for Jølstra kraftverk er lagra på området KBA1-2 og KBA3-4 i planlagt Sunnfjord næringspark og same massane skal også nyttast til å fylle ut areala i KBA5-6. Det er anslått at det er lagra volum på ca. 450 000 m<sup>3</sup> i områda KBA1-2 og KBA3-4.

Avrenning frå sprengstein inneheld nitrogen og partiklar. Avrenning frå sprengsteinmassane påverkar bekken gjennom planområdet og Jølstra allereie i dag. Det blei tidlegare gjennomført ei vurdering av påverknaden frå avrenning frå sprengsteinmassane på Jølstra. Den viser at avrenninga av nitrogen frå sprengsteinmassar til vassdrag vil i ein kort periode (1-2 år) bidra med ein begrensa auke i

nitrogenkonsentrasjonar i Jølstra (<1%). Den auka belastinga vert ansett å ikkje medføre ulemper for vasskvaliteten.

Utbygging av Moskogkrysset vil påvirke bekken som kryssar Jølstravegen. Bekken er i dag lagt i kulvert under veggen og ei utviding av krysset vil føre til ei utviding av kulverten og ein kortere strekning med åpen bekk. Sidan bekken er allerede lagt i kulvert og inngrepet er rett før utløp til Jølstra, vil dette ha ubetydeleg påverknad på vassmiljøet.

#### Vurderinga konkluderer med følgande:

Det vert forutsett at etablering av industri følger gjeldande regelverk og at nødvendige løyver blir henta inn før etablering av dei enkelte industri/næringane. Dette inkluderer også dispensasjon for å fjerne kantvegetasjon og løyve for fysiske tiltak i vassdrag. Før byggefasen må overvasshandtering avklarast for å unngå infiltrasjon av forureina overvatn. Under desse føresetnadane vert det vurdert at tiltaka i reguleringsplanen ikkje vil medføre ein forringing av resipientane, eller påverke moglegheitene for å oppnå mål om god økologisk og kjemisk tilstand i henhold til vassforskrifta.

Utbygging av området kan føre til midlertidig påverknad av resipientane under anleggsfasen. Det vert forutsett at nevnte tiltak blir gjennomført og at det blir søkt om dispensasjon for fjerning av kantvegetasjon og fysiske tiltak i vassdrag til Statsforvalteren/fylkeskommunen. I tillegg må det vurderast vidare tiltak for å redusere avrenning og andre påverknader frå byggearbeida før det vert gitt byggeløyve.

Føresegner stiller krav om utarbeiding av Miljøoppfølgingsplan (MOP) for å redusere avrenning til vassdrag som følgje av anleggsarbeid (masseutskifting, graving, lagring mm) i planområdet. Sjå vedlegg *Vurdering av vannforskriften*, 30.01.2025, for nærare omtale av vassmiljø.

### 6.1.7 Støy og ureining

#### Støy

Det er utarbeidd berekna endringar i støy frå vegtrafikk til eksisterande støyfølsam bebyggelse som følgje av nytt kryss mellom fv.613 og E39 og ny gang-sykkelveg ved E39, samt utført berekningar som indikerer tillate lydeffektnivå på næringsverksemd i dei ulike felta, *Støyvurdering Detaljregulering K2 K3 og K4* (07.07.2025) av Asplan Viak AS.

Konklusjon frå støyrapport seier følgande:

«Det er både Jølstravegen 160 og Jølstravegen 164 som er eksisterande støyfølsame bygningar som får støynivå over grenseverdi for gul støysone frå vegtrafikkstøy som følgje av nytt kryss og ny gang-sykkelveg ved E39. Desse bustadane som allereie låg i ei


støysone frå vegtrafikkstøy, får 1 dB auke i støynivå som følgje av nytt kryss og ny gang-sykkelveg ved E39. Det vil vere behov for vidare utgreiing for støytiltak for eksisterande støyfølsam bebyggelse som følgje av denne planen. Dersom Statens vegvesen sitt policynotat vert lagt til grunn, så vil det ikkje vere behov for vidare utgreiing for støytiltak. Det er gjort berekningar som indikerer størrelsesorden på maksimalt tillate lydeffektnivå i kjeldeposisjonar over næringsområde aust. Tabell 4-3 i kap.4 syner størrelsesordenen på tillate lydeffektnivå.

Når type verksemd og plassering av støykjeldene er kjent, må det utførast meir detaljerte berekningar. På noverande tidspunkt og i slike situasjonar er det lite hensiktsmessig å utføre støyberekningar for samla støybelastning, sidan det føreligg lite kunnskap om faktiske støykjelder». Dette gjer at det heller ikkje er hensiktsmessig å leggje inn støyskjermingstiltak før verksemdene er nærmare avklara. Dette er styrt gjennom føresegnene § 2.4 b)-f). Dersom punkta d-f, som gjeld eksisterande støyfølsam bebyggelse vert aktuelle, kan støyskjermingstiltak verte ei løysing.


*Tabell 4-3: Størrelsesorden maksimalt lydeffektnivå Lw (dBA) per felt for at eksisterende støyfølsom bebyggelse ikke skal få overskridende fasadenivå.*

Kildeposisjon	Maksimalt lydeffektnivå Lw (dBA)
Felt KBA 1	120
Felt KBA 2	120
Felt KBA 3	115
Felt KBA 4	110
Felt KBA 5 nord	105
Felt KBA 5 sør	107
Felt KBA 6	107

*Figur 65 Tabell 4-3 frå støyrapporten syner maksimale støynivå innanfor delfelta*



Figur 66 Vegtrafikkstøy i framskrive situasjon. Beregna Lden 4.0 meter over terrenget. Utsnitt henta frå støyrapport.



Figur 67 Industristøy - støy fra næringsverksemd. Berekna Lden 4.0 meter over terrenget. Utsnitt henta frå støyrapport

### Støy i bygg- og anleggsfase

Det er forventet noko støy til nærliggande bebyggelse i bygg- og anleggsfasen. I samband med støy frå anleggsverksemd vert det anbefalt å legge til grunn T-1442/2021. Støy frå anlegget vil i hovudsak bestå av motordur frå maskiner og transportkøretøy, og støy frå boring og ev. sprengningsarbeid, potensielt noko pigging. Utførande entreprenør må forhalde seg til T-1442 i bygg- og anleggsfasen i prosjektet. Dette er ivare tatt i planen sine førese gner. Støy frå bygge- og anleggsverksemd må kartleggast på eit seinere plan stadium av utførande entreprenør når ein har kjennskap til maskinpark, driftstid o.l.

I støyrapporten (2025) er det nemnt forslag til skjermingstiltak av nærliggande støyfølsam bebyggelse. Blant anna vert det anbefalt:

- «Det anbefales å sette eventuelle brakkerigger i nordvest på Felt KBA5 nord, dvs. mellom feltet og eksisterende boliger. Brakkeriggene vil da kunne fungere som en støyskjerm mot disse.

- Det anbefales at byggegjerdet, som skal skille byggeplass fra området rundt, er ett tett gjerde med minimum 15 kg/m<sup>2</sup> for å oppnå tilstrekkelig støyreduksjon, også for de lave frekvensene.
- Ved bruk av åpen passasje inn til anleggsområdet, bør dette gjøres i kombinasjon med en støysluse for å bevare skjermingseffekten.
- Et annet effektivt støyavbøtende tiltak er å begrense tidsrommet for når støyende aktivitet på byggeplassen skal kunne foregå.»

Dei konkrete tiltaka er ikkje innarbeidd i føresegnene, men støyrapporten vert lagt til grunn, og kva støytiltak som vert aktuelle må vurderast konkret ut i frå situasjon, støykjelde og påverknad på omgjevnadane.

### Grunnforureining

På bakgrunn av mistanke om forureining av sumpen i K4 (KBA5-6), er det utarbeidd tiltaksplan for masseutskifting i del K4 *Tiltaksplan for masseutskifting i del K4 i Sunnfjord næringspark* (17.01.2025) Asplan Viak AS. Sjå tiltaksplan for nærare informasjon.

### Betongsilo

Det er tatt fleire prøvar av betongsiloen. Ettersom siloen skal rivast i sin heilheit, utløyser det eit potensiale for gjenbruk av massane, men for dette vert det stilt eit strengare krav enn farleg avfallsgrense. Kriterie for gjenbruk er gitt i Avfallsforskrifta kap. 14a og 14b.

Resultata syner at ein av betongprøvane overskrider grenseverdiar for gjenbruk pga. krom 6 i betongen. Grenseverdien for krom 6 er sett til 8 mg/kg. Den påviste konsentrasjonen i prøven som overskrider grenseverdien (P06) er 10 mg/kg. Ein vurdering av gjennomsnittleg analyseresultat viser eit snitt på 5,18 mg/kg for alle prøvane. Då det ikkje finst nokon reglar som tilseier at gjennomsnittleg krom 6 verdi kan takast omsyn til, er gjenbruk av betongen søknadspliktig. Ein slik søknad skal behandlast av Miljødirektoratet.

På grunn av eit ønske om å minimere transport av massar, samt at massar kan gjenbrukast til nyttig formål på området, vart det utarbeida ein søknad om gjenbruk av betongen. Søknaden vart handsama av Miljødirektoratet 27.09.2024, og det vart gitt løyve til gjenvinning av betong frå Sunnfjord næringspark etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Miljødirektoratet stilte følgande vilkår i løyvet:

- Armeringsjern frå rivebetongen skal fjernast og leverast til godkjent mottak.
- Rivebetongen skal tildekkast med minimum 0,2 m reine lausmassar eller ny asfalt.
- Rivebetongen skal leggast minst 1 m over høgaste grunnvasstand.

### 6.1.8 Klimagassutslepp

Det er utarbeidd klimagassrekskap for arealbruksendringane innanfor planområdet, *Klimaregnskap for arealbeslag* (04.07.2025) av Asplan Viak AS. Rapporten omfattar kun klimagassutslepp som skuldast arealbeslag, rydding av tomt, massetransport og planering av steinmassar. På noverande tidspunkt er det ikkje bestemt kva type næringsverksemd som kjem i området, så dette er ikkje inkludert i rapporten.

Samla sett vil dette tiltaket føre til 75 240 tonn CO<sub>2</sub>e i utslepp og tapt opptak.

Berekningane viser 68 540 tonn CO<sub>2</sub>e utslepp (derav 66 200 tonn CO<sub>2</sub>e er utslepp frå arealbeslaget) i tillegg til 6 700 tonn CO<sub>2</sub>e i tapt karbonopptak frå naturarealet i analyseperioden på 75 år.

Utslippskilde	Klimagassutslipp (tonn CO <sub>2</sub> e)		
	Nullalternativ	Tiltak delområde K2, K3 og K4	Differanse
<b>Arealbeslag</b>	-6 700	66 200	72 900
<b>Anleggsarbeid</b>	-	2 340	2 340
<b>Sum</b>	-6 700	68 540	75 240

Figur 68: Utsnitt av tabell frå klimagassrapport (2025) med samla klimagassutslepp frå nullalternativ og tiltaket. Tall i tonn CO<sub>2</sub>e.

Miljødirektoratets konsekvenstabell kategoriserer utslepp av denne størrelsesorden som eit tiltak med «Stor negativ effekt» fordi klimagassutsleppa for tiltaket er større enn 50 000 tonn CO<sub>2</sub>e. Til samanlikning var dei totale utsleppa til Sunnfjord kommune i 2023 på 105 000 tonn CO<sub>2</sub>e. Tiltaket er igangsett og delar av planområdet er allereie utfylt. Med bakgrunn i dette vert det anbefalt å etterstrebe tiltak for å kompensere for effekten av planen.

Skala	Konsekvensgrad	Grense (CO <sub>2</sub> -ekvivalenter)	
----	Svært stor negativ konsekvens	≥	100 000
---	Stor negativ konsekvens	≥	50 000
--	Middels negativ konsekvens	≥	15 000
-	Noe negativ konsekvens	≥	2 000
0	Ubetydelig konsekvens		
+++	Noe/middels positiv konsekvens	<	2 000
++++/+++++	Stor/svært stor positiv konsekvens	<	-50 000

Figur 69 Utsnitt av tabell, Miljødirektoratet sin konsekvenstabell for klimagassutslepp. Konsekvens vurderast frå utslepp av klimagassar i heile analyseperioden. Verdiane gjeld uavhengig av kjelde til utsleppet.

Det kan gjerast kompenserte tiltak som reetablering av tidlegare drenert myr eller verne skogareal av høg økologiske verdiar tilsvarande tapte skogareal som følgje av

tiltaket i område utanfor plangrensa. Det er positivt at dyrkbar mark skal reetablerast på andre lokasjonar.

Også i neste fase av planen, når bygga skal planleggast, kan kommunen legge føringar for materialbruk, etablering av fornybare energikjelder (solceller eller energibrønner eksempelvis) eller sette krav om utsleppsfri byggeplass for å redusere framtidige klimagassutslepp.

Tidlegfase klimagassvurderingar har middels til høg usikkerheit, då det vert basert på generiske prosessar og estimat. Utslepp frå etablering av tiltaket er i stor grad basert på referanseverdiar og gjenspeglar ikkje nødvendigvis faktiske forhold. Berekingar av klimagassutslepp frå arealbruksendringar kan blant anna vere usikre på grunn av variasjonar i naturområda sine karbonopptak når det vert nytta AR5 data (detaljert arealressurskart med vekt på produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk) og ikkje stadleg informasjon.

#### 6.1.9 Landbruk

Det er eit større område med landbruksareal som går tapt eller vert forringa av prosjektet. Området som får størst konsekvens for landbruk er der næringsområde K4 (KBA5-6) skal etablerast, der størsteparten av den fylldyrka jorda vil gå tapt. Ca. 58 dekar jordbruksareal vert bygd ned.

Jordmassane skal handterast slik at det kan nyttast til ny matproduksjon, jf. § 1.6 nr 3 i kommuneplanen sin arealdel (Oppstartsmøtereferat). Jordmassane skal takast vare på og flyttast til nærliggjande areal. Matjorda vert då lagt som topplag i område som er eigna for framtidig dyrka mark eller til å forbetre eksisterande jordbruksareal i nærleiken.

Den 04.07.2023 søkte Asplan Viak på vegne av Sunnfjord kommune dispensasjon frå reguleringskrav og utbyggingsrekkefølge innanfor Sunnfjord Næringspark på Moskog. Sunnfjord kommune gav 06.12.2023 dispensasjon frå §§ 1.4.1 og 3.1.2 i områderegeringsplan Moskog industriområde for å opparbeide og tilrettelegge grunnen i byggeområda K2, K3 og K4 (KBA1-6).

Dispensasjonen vart gitt med vilkår om at før det vert gjeve igangsetjingsløyve skal det ligge føre plan for handtering av matjord og avtale for mottak av matjorda til matproduksjon. Norsk Landbruksråd gjeving Vest er engasjert for å utarbeide ein plan for handtering av matjorda slik at denne vert nytta til matproduksjon. Planen vert utarbeidd i

samråd med landbruksavdelinga hjå kommunen. Plan og avtale må vere klar før det vert gjeve løyve til å sette i gang arbeid på området K4 (KBA5-6).

### Matjordsplan

Norsk Landbruksrådgivning Vest har utarbeidd matjordsplan i samband med planarbeidet for Sunnfjord Næringspark. Rapporten legg fram at det er 17,2 daa med moldhaldig siltig mellomsand, mao. matjord av *Stor verdi*. I volum vil dette seie 5.000 kubikk A-sjikt og 12.000 kubikk B-sjikt (avrunda).

Det er 15,8 daa mineralblanda moldjord, mao. matjord av *Middels verdi*. I volum vil dette utgjere 4.000 kubikk A-sjikt og 11.000 kubikk B-sjikt (avrunda).

Det er 16,6 daa myrjord, herav er ca. 11 daa middels omdanna H4 – H6 eller von Post's skala. Resten er noko meir omdanna i A-sjiktet. Alt dette er jord som er svært lite attraktiv for dei fleste bønder, men vi kan likevel ikkje vurdere den som verdiløus. Derfor er *Noko verdi* for A-sjiktet. B-sjiktet derimot, har verdi som udyrka myr, det vil seie *Utan betydning*, og kan disponerast som *udyrka overskotsmasse*. 4.000 kubikk myrjord frå A-sjikt bør takast vare på, dog helst foredlast gjennom uttørking og innblanding med sand.

Verdivurdering	A-sjikt			B-sjikt				
	Areal	Djupne	Volum	Areal	Djupne	Volum		
Stor verdi	17 200 m <sup>2</sup>	0,3 m	5 160 m <sup>3</sup>	17 200 m <sup>2</sup>	0,7 m - ca.	12 040 m <sup>3</sup>		
Middels verdi	15 800 m <sup>2</sup>	0,25 m	3 950 m <sup>3</sup>	15 800 m <sup>2</sup>	0,7 m - ca.	11 060 m <sup>3</sup>		
Noe verdi *	16 600 m <sup>2</sup>	0,2 m	3 320 m <sup>3</sup>					
<b>SUM</b>	<b>49 600 m<sup>2</sup></b>		<b>12 000</b>			<b>23 000 m<sup>3</sup></b>		<b>35000 m<sup>3</sup></b>
Uten betydning				16 600 m <sup>2</sup>	0	0		
				49 600				

\* tilnærmet uten betydning. Bør (må?) blandes med sand for utlegging på nytt jordbruksareal

Figur 70 Utsnitt av verdivurdering av jordsjikt. Utsnitt henta frå rapport Matjordsplan – Sunnfjord Næringspark – K4 (2023)

Totalt er det snakk om 12 000 kubikk A-sjikt og 23 000 kubikk B-sjikt, **til saman 35 000 kubikk matjord som må flyttast**, og brukast til å bygge nesten 50 dekar fulldyrka jord ein annan stad (Tala er basert på førebelse berekningar frå 2023).

Verdiklassar og forslag til plassering av matjord er vist i kartutsnittet under. For nærare omtale av handtering av matjord og plassering, sjå vedlagt rapport *Matjordsplan Sunnfjord Næringspark – K4*, Norsk Landbruksrådgivning vest, 2023.



Figur 71 Utbyggingsområde og foreslåtte erstatningsareal. Utsnitt henta frå rapport Matjordplan - Sunnfjord Næringspark - K4 (2023).

## 6.2 Samfunn

### 6.2.1 Arealbruk

Planframlegget fører til endra arealbruk og arealbeslag. Sjå kap. 6.1.8. for omtale av klimagassutslepp som følgje av endra arealbruk.

Utanfor planområdet er det lagt opp til kollektivhaldeplassar, men ein føreset at bil vert hovudframkomstmiddelet til området. I dag er næringsområde KBA1-2 og KBA3-4 fylt opp med massar og planert ut. Område KBA5-6 består i hovudsak av dyrka mark og skog, men bruken vil bli endra til næringsområde.

Det er i mindre grad lagt opp til besøksintensive verksemder, og industriformålet har ei plassering som ikkje ligg tett på bustadar og andre tettstadfunksjonar som typisk er støyfølsame.

### Arealformål forretning (plasskrevjande varer)

Forretningsformålet er ikkje er i tråd med den nyaste kommuneplanen. Regional handelsføresegn for Sogn og Fjordane definerer Brulandsvellene som område for handelspark. Det er likevel opna for forretning med plasskrevjande varer i gjeldande områdeplan, noko som også er vidareført i detaljreguleringsplan for felt K1 kor det no er etablert verksemd som sel traktorar.

Forretningsformålet omfattar sal av varer som ikkje nødvendigvis høver seg på dei andre handelsområda i kommunen. Spesielt aktuelt kan vere plasskrevjande handel/grossistar retta i hovudsak mot næringsdrivande. Gartneri/~~hagesenter~~ er i tillegg foreslått teke inn for å kunne gje positive synergjar med energikrevjande verksemder som kan levere overskotsvarme inn i drivhus. ~~Ved offentlig ettersyn låg det også inne opning for hagesenter, som no er teke ut. Endringa er gjort for å hindre etablering av reine planteutsal, og sikre at produksjon av plantevekster skal vere ein del av verksemda. Det er elles foreslått å eit nytt punkt «særskilt om forretning (plasskrevjande varer), som gir nærmare føringar og avgrensingar til formålet, for å tydeleggjerne føremålet bak næringsparken.~~

Det vert elles lagt til rette for etablering av ny kollektivhaldeplass ved KBA4, samt g/s-system som vil gi betre tilgjengelegheit til området for andre transportformer enn bil.

#### 6.2.2 Vurdering opp mot statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Planområdet på Moskog ligg utanfor etablert senterstruktur og har avgrensa tilgjenge for kollektivtransport, sykkel og gange. I følgje dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet skal handelsverksemd i hovudsak lokalisast i sentrum, og område med god tilgjenge for miljøvenlege transportformer, for å redusere transportbehov og styrke eksisterande sentrumsfunksjonar.

Retningslinja byggjer på eit grunnleggjande prinsipp om at ulike verksemder skal lokalisast der dei funksjonelt høyrer heime. Verksemder med låg kundetettleik, stort arealbehov og sterk kopling til bil- og godstransport kan lokalisast utanfor sentrum, medan publikumsintensive funksjonar bør lokalisast sentralt.

Sunnfjord næringspark aust er godt eigna for mellom anna industri, lager, logistikk og transportverksemd. Desse funksjonane samsvarar godt med «rett verksemd på rett stad». Handel fell ikkje naturleg inn under dette.

Det kan likevel vere i samsvar med retningslinjene å opne for ein avgrensa type plasskrevjande varehandel som:

- har låg kundetettleik
- er areal-/lagerkrevjande,
- i hovudsak er retta mot næringskundar eller førehandsavtala sal
- ikkje naturleg kan/bør lokaliserast i sentrum eller handelspark

### 6.2.3 Barn og unge sine interesser

Innanfor plangrensa er det fleire einebustadar. Det er ikkje kjend at barn og unge oppheld seg i næringsområdet. Planområdet ligg i umiddelbar nærleik til friluftslivsområde. Truleg liten konsekvens for barn og unge sine interesser.

### 6.2.4 Folkehelse

Det vert tilrettelagt for ny gang,- og sykkelveg frå Moskogkrysset og vidare langs Holsavegen og inn i næringsområda. Vegetasjonsskjerm nordvest for næringsområde KBA5-6 skal skjerme innsyn mot næringsparken. Det vert også lys og lydregulering for næringsområda for å ta omsyn til nærliggande bustadar.


### 6.2.5 Infrastruktur

#### 6.2.5.1 Veg og trafikk

Framkomme og køyremåte på vegar innafor planområdet er gjort i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100.

#### Kryss E39 x Fv613 - Moskogkrysset


Dagens trafikkmengde ved Moskogkrysset tilfredsstillar ikkje dagens krav etter Statens vegvesen si handbok N100 for kryssløysing. Basert på berekningane som er gjort i notat *Trafikkteknisk vurdering av Moskogkryss på E39 (2025)*, bør Moskogkrysset byggast med eit venstresvingfelt med minimumslengd L1=32m og L1=25m, sidan fartsnivået er høgare enn 60 km/t på kvar side av krysset.



Figur 72 Minimumslengde venstresvingefelt Moskogkrysset. Utsnitt henta frå notat Trafikkteknisk vurdering av Moskogkrysset på E39 (2025).

Anbefalt løysing for venstresvingefeltet bør vere  $L1=36m$ , for å gi plass til samtidig oppstilling av eit vogntog og ein lastebil i venstresvingefeltet.

Det skal vere fysiske trafikkøyer i både primær- (E39) og sekundærveg (Fv 613). Avkjørsla vest for E39 i kryssområdet må stengast.



Figur 73 Anbefalt lengder venstresvingefelt Moskogkrysset. Utsnitt henta frå notat Trafikkteknisk vurdering av Moskogkrysset på E39 (2025)

Moskogkrysset slik det er utforma i dag er for dårleg og skulle vore utbetra allereie ut i frå dagens trafikkmengd. Det er føresett at Statens Vegvesen skal gjennomføre opparbeidinga av krysset, men ein veit ikkje når dette blir gjennomført då dette kjem an på prioriteringar. Det er difor ikkje knytt rekkefølgekrav til opparbeiding av krysset i denne planen, fordi det vil kunne medføre forseinkingar i utbyggingstakt. I gjeldande områderegeringsplan er det stilt rekkefølgekrav til krysset knytt til K4. Det er vidare krav om at K4 ikkje skulle byggjast ut før K1-K3 var bygd ut til 80 % av sitt potensial. Sunnfjord kommune har i dispensasjon av 06.12.2023 gjeve dispensasjon for å starte grunnarbeid. Dette er mellom anna grunngeve i dei positive konsekvensane utbygginga vil gje for

næringsliv i regionen. På bakgrunn av dette bør ikkje eit eventuelt rekkefølgekrav medføre forseinkingar knytt til utbygging i området.


#### Kryss Fv613 og Stakaldefossen

Det aktuelle krysset er eksisterande krysset mellom fylkesveg 613 og Stakaldefossvegen. Dagens krysset har ein utilstrekkeleg geometri med for smale køyrefelt, og tilfredsstillar derfor ikkje krava til framkomme for dimensjonerande køyretøy, modulvogntog (MVT).

For å oppnå nødvendig funksjonalitet og trafiksikkerheit er det behov for ei utviding av krysset. Tiltaket er også påkrevd som følge av anbefalinga om etablering av fysisk trafikkøya med gangfelt i krysset.

Planlagt køyremåte i dette krysset er A, i tråd med Statens vegvesens retningslinjer og håndbok N100.

Ved utkøyring frå sidevegen til primærvegen (Fv613) i retning aust, må dimensjonerande køyretøy nytte forbiøyringsfeltet. Dette skuldast at den fysiske trafikkøya reduserer tilgjengeleg manøvreringsareal og dermed begrensar køyretøyet sine bevegelsesmoglegheiter, sjå figur under.




Figur 74 Køyremåte A, kryss Fv613 og Stakaldefossen

### Kryss - Stakaldefossen og KBA5-6, intern kryss KBA5-6

Sidan både vegbreidde og kryssgeometri er betydeleg smalare enn det som vert krevd for dimensjonerande køyretøy, som modulvogntog (MVT), har krysset mellom Stakaldefossvegen (KV9) og tilkomst (KV6) til næringsområde KBA5 og KBA6 utilstrekkeleg standard. Tilsvarende gjeld for dei interne kryssa innanfor formåla.

På bakgrunn av dette blir både hovudkrysset og dei interne kryssa i KBA5-6 vurdert som eigna for køyremåte C, i tråd med Statens vegvesens handbok N100. Denne løysinga vert ansett som tilstrekkeleg, då det ikkje vert forventa omfattande trafikk av modulvogntog i området, sjå figur under.




Figur 75 Kjøremåte C, kryss Stakaldefossens-veg og KBA5-6, intern kryss på KBA5-6

### Kryss - Fv613 og avkjørsel mot næringsområder KBA1-KBA4

I krysset mellom fylkesveg 613 (KV1) og tilkomsten (KV3) til KBA1-4 er det anbefalt å etablere ei fysisk trafikkø. Konsekvensen av dette er at dimensjonerande køyretøy, modulvogntog (MVT), må forhalde seg til køyremåte A, jf. Statens vegvesens handbok N100.

Som vist i tilhøyrande sporingsfigur (Figur under) medfører etableringa av trafikkø at MVT vil måtte nytte delar av forbikøyringsfeltet både ved venstresving inn til KBA1-4 og ved venstresving ut frå tilkomsten. Dette skuldast dei reduserte manøvreringsareala som trafikkøya introduserer i kryssområdet.



Figur 76 Kjøremåte A, kryss Fv613 og tilkomstvei KBA1-4

#### Kryss på KBA3 og KBA4

Det interne krysset mellom KBA3 og KBA4 har ein veggeometri som er tilstrekkeleg for at modulvogntog (MVT) kan manøvrere ved bruk av kjøremåte C. Prognosane for framtidig trafikkbelastning på desse interne vegane er usikre, spesielt når det gjelder andel dimensjonerande kjøretøy. På bakgrunn av dette vert kjøremåte C vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta framkomme for MVT, samtidig som løysinga gir eit akseptabelt sikkerheitsnivå, sjå figur under.




Figur 77 Køyrmåte C, internkryss på KBA3 og KBA4

### Gang- og sykkelveg

Eksisterande gangveg frå Moskogkrysset skal vidareførast inn til næringsområda (KBA1-KBA6) for å ivareta trafikktryggleiken for mjuke trafikantar som ferdast til næringsområdet, men også for bebuarane i området.

Det er planlagt ny g/s-veg over Jølstra. Ny g/s-veg er planlagt på nordsida av fylkesvegen, og vil ligge med om lag 10m avstand mellom vegane i planet. Det er gjort ei vurdering av ulike brualternativ med omsyn til estetikk, økonomi og byggbarheit. Det er vald ei løysing med plasstøyp platebru i fleire spenn i forprosjektet (Alternativ 4).



Figur 78: Plan som viser ny veglinje/bru på nordsida.

## ÅDT

Berekingar for ÅDT er basert på Håndbok V713, kapittel C2. Berekinga er basert på erfaringstall frå 1988, som kan nyttast til overordna vurderingar knytt til ulike arealbruk sin innverknad på trafikkmengder.

Det er noko usikkerheit ved bereking etter denne metodikken. Erfaringstala er basert på ein samlekategori for industri som femnar om både fabrikk, lager, verkstad og engros. Planframlegget legg til rette for eit utval av formål, der ein er lite kjend med aktuelle verksemdar. Erfaringstal knytt opp mot konkrete verksemdar ville gje meir presise data, men ein har ikkje dette på noverande tidspunkt.

Ei anna svakheit ved berekingane er arealtala som ligg til grunn for utrekninga. Arealta er basert på ei maksimal utnytting (BRA) ut i frå grunnflate (m<sup>2</sup>) \* tal etasjar. Det er i delar av planområdet lagt opp til større volum, med bygg opp mot 30 m høgde. Volum i større industribygg vil ikkje alltid henge saman med ei stor mengde generert trafikk, då turproduksjonen ikkje nødvendigvis følgjer størrelsen på bygget. Samstundes kan logistikkbygg og produksjonsanlegg generere meir trafikk. Basert på dette er det valt å

synleggjere ÅDT ut i frå variasjonsområde som går fram av tabellen under. Dette gjev med utgangspunkt i 93 000 m<sup>2</sup> BRA, ein turproduksjon i intervallet 1860-5580 ÅDT for biltrafikk.

TURPRODUKSJON PR. ENHET PR. DØGN

AREALBRUK	ENHET	TURPRODUKSJON		
		Person- turer	Bil- turer	Variasjons- område
BOLIG - eget eller andres hjem	pr. bolig pr. person		3.5 1.0	2.5 - 5.0 0.5 - 1.5
	pr. bolig pr. person	9.0 3.0		7 - 12 2 - 4
INDUSTRI - fabrikk - lager - verksted - engros	pr. ansatt pr. 100 m <sup>2</sup>		2.5 3.5	1.5 - 5 2.0 - 6
	pr. ansatt pr. 100 m <sup>2</sup>	4.0 6.0		3 - 8 4 - 10
HANDEL - detalj - kiosk - bensinstasjon - kjøpesenter	pr. ansatt pr. 100 m <sup>2</sup>		25 45	10 - 45 15 - 105
	pr. ansatt pr. 100 m <sup>2</sup>	50 90		20 - 80 30 - 150
KONTOR - post - bank - helse - off. kontor	pr. ansatt pr. 100 m <sup>2</sup>		2.5 8	2 - 4 6 - 12
	pr. ansatt pr. 100 m <sup>2</sup>	4 12		2 - 6 5 - 20

Figur 79 Tabell for turproduksjon, handbok V713

Felt	Areal til kombinert bebyggelse og anleggsformål (m <sup>2</sup> )	Variasjonsområde ÅDT (2-6 bilturer, per 100 m <sup>2</sup> )
KBA1	15 550	311-930
KBA2	27 400	548-1644
KBA3	18 850	377-1131
KBA4	7 500	150-450
KBA5	17 250	345-1035
KBA6	6 450	129-387
SUM	93 000	1860-5580

### Reisemiddelfordeling

Ein er ikkje kjend med at det er gjort reisevaneundersøking i Førde, men ein antek at store delar av persontrafikken vil vere med bil. Ved å leggje til rette for nye gang-/ og sykkelsystem, samt moglegheit for busshaldeplass i austre del av planområdet, er det lagt til rette for at tilsette og andre kan nytte kollektivtilbodet i området, og at dette kan



utformast med vingemur og utlaupet bør erosjonssikrast. Kulvert m8840 nord for krysset bør også oppgraderast med tilsvarende dimensjon og innlaup for å ha kapasitet til 200-årsflaumen.



Figur 81 Framtidig situasjon i Moskogkrysset. Utsnitt henta frå VAO-plan.

## Brannvatn


I samsvar med TEK17 § 11-7 må utvendig sløkkevasskapasitet vere 50 l/s fordelt på minst to uttak, og brannkum eller hydrant må plasserast innanfor 25-50 m frå hovudangrepsveg. Plassering av brannvassuttak i forhold til dei nye bygga må vurderast i kvar enkelt byggesak.

I 2016 blei det utarbeida ein nettmodell og eit notat i samband med planlegging av ny vassforsyning til Sunnfjord Næringspark (Asplan Viak, 2016). Notatet konkluderer med at område KBA1-6 vil oppfylle kravet om 50 l/s med gitte tiltak og utbyggingar.

Det må truleg etablerast ny trykkaukestasjon ved utbygging av næringsområde K5 (utanfor planområdet) for å oppfylle krav om sløkkevasskapasitet.

### Avrenning/overvatn

Forventa framtidig avrenning på området er synt i figuren under. Trasear for omlegging av eksisterande bekkar, flaumvegar og avrenning frå næringsområda er planlagt ut frå gjeldande terrengmodell og kunnskap om området og prosjektet. Overvasshandteringa på området skal utførast i samsvar med tretrinnsstrategien som nemt i VAO-plan (2025).



Figur 82 Oversikt over antekne, framtidig avrenning og flaumvegar. Utklipp frå teikning HB001. Utsnitt henta frå VAO-plan.

#### 6.2.5.3 Høgspentanlegg


Eksisterande høgspenlinjer vert teke omsyn til i planframlegget med omsynssone. Fleire av høgspenlinjene er fjerna eller lagt i kabelgrøft.

-M 132 Moskog – Høyanger, eigd av Linja AS, er fjerna.

-L30 Stakaldefossen – Rørvikfjellet, eigd av Sunnfjord Energi AS, delar av linja er lagt om i bakken.

-429 kV Ørskog – Sogndal, eigd av Statnett SF, vert vidareført

-132 kV Moskog – Sande, eigd av BKK AS, vert vidareført



Figur 81 : Utsnitt av leidningar innanfor planområdet. Delar av linjene er fjerna.

#### 6.2.5.4 Energiløysingar

Det er utarbeidd ei kraftsystemanalyse som gir eit oversyn over noverande og framtidig kraftbalanse og nettkapasitet (kapasitet til transport av elektrisk energi) i Fjordane, og viser korleis både forbrukarar og produsentar kan sikre seg tilgang til kraft og nettet i eit system under press. Sunnfjord kommune er nemnd i rapporten.

Det er også planar om å utarbeide energiplan for Sunnfjord næringspark for å etablere eit framtidretta energisystem i parken.

### 6.3 Aktsemd naturfare

#### 6.3.1 Skred

Reguleringsplanen omfattar tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3, noko som tilseier at årleg nominelt sannsyn for skred ikkje skal overskride høvesvis 1/100, 1/1000 og 1/5000.


Vurderingar og rapport har blitt utført etter gjeldande retningslinjer og standardar gjeve av NVE (2020). I TEK17 er det spesifisert at samla sannsyn for alle skredtypar skal leggest til grunn for vurderinga av årleg sannsyn. Følgande skredtypar har blitt vurdert:

Steinsprang, steinskred, jordskred, flaumskred, snøskred og sørpeskred.

Skredfarevurderinga er utført med og utan skog.

For situasjon med skog tilfredsstiller kartleggingsområdet lovverket sitt krav til tryggleik mot skred for nybygg/påbygg i tryggleiksklassene S1, S2 og S3, der årleg nominelt sannsyn for skred ikkje må overskride høvesvis 1/100, 1/1000 og 1/5000.

For situasjon utan skog tilfredsstiller ikkje nord-austre delar av kartleggingsområdet lovverket sitt krav til tryggleik mot skred for nybygg/påbygg i tryggleiksklassene S2 og S3, der årleg nominelt sannsyn for skred ikkje må overskride høvesvis 1/1000 og 1/5000. Faresoner er teikna for situasjon utan skog.



Figur 83 Utsnitt av utarbeidd skredfaresoner med sannsyn 1/1000 og 1/5000, utan skog. Utsnitt henta frå Skredfarevurdering K2, K3 og K4 (2024).

### 6.3.2 Grunnforhold og geoteknikk

I samband med planarbeidet er det utarbeidd vurdering av områdeskredfare: Områdeskredfare Sunnfjord Næringspark, av dato 11.12.2024, Asplan Viak AS. Vurderinga av områdeskredfare baserer seg på tidlegare grunnundersøkingar og geoteknisk datarapport i området, i samband med regulering av Sunnfjord Næringspark aust. Desse er basert på enkle sonderingar og georadar utført av Asplan Viak og totalsonderingar og prøvetaking utført av Multiconsult. Det er i tillegg tatt ut lausmasseprøvar som er analysert av Multiconsult.

Område KBA1-KBA4, samt delar av område KBA5-KBA6 og vestleg del av planområdet ligg utanfor aktsemdskartet for kvikkleireskred. Resterande del av planområdet ligg innafor aktsemdskartet for kvikkleireskred, men på bakgrunn av tidlegare utførte grunnundersøkingar er det vurdert at det heller ikkje er fare for områdeskred her. Det er vurdert at heile planområdet tilfredsstillir loverket sitt krav til sikkerheit mot områdeskred.

### 6.3.3 Flaum

#### Vurdering næringsområde K2, K3 og K4 (KBA1-6)

Det er utarbeidd overordna flaumvurdering av Asplan Viak AS, *Flomutredning K2, K3 og K4 (2026)*, med flaumvurdering for 200- og 1000-årsflaum inkludert klimafaktor 40 %.

Rapporten konkluderer med følgjande:


*«Det er gjort ny flomvurdering basert på eksisterende terrengsituasjon i mars 2026, for å svare ut innsigelse fra NVE datert 22.01.2026. Vurderingen er gjort for 200- og 1000 årsflom, begge inkludert 40 % klimapåslag, men uten stikkrenner/overvannsystem. Disse resultatene vil danne grunnlag for hensynssone flom i plankartet. Sonen for 1000-årsflom kommer kun i effekt der det planlegges bygg i tiltaksklasse F3. Skillet mellom vassdrag- og overvannsflom er for øvrig diffust på grunn av små feltstørrelser. I tillegg er området allerede er delvis opparbeidet, noe som påvirker avrenningsmønsteret. Flomsone viser både overvannsflom og vassdragsflom. Flomsituasjonen vil bli ivaretatt ved gjennomføring av tiltak beskrevet i VAO-notatet.*

*Det er fra før (2025) gjort flomvurdering for 200-årsflom med 40 % klimapåslag for tiltaksområdet øst for Jølstra. Denne var basert på tidligere flomberegninger (2023), og terrengmodell for prosjektert fremtidig situasjon. Beregningen viste at avrenningen nord- og østfra ble avskåret som følge av det oppfylte terrenget, og fulgte i hovedsak fyllingskanten nedover. Beregningen inkluderte ikke stikkrenner/overvannsledninger eller øvrige overvannstiltak som avskjærende grøfter, og representerte dermed en konservativ situasjon. Beregnede flomsone og vannføringer er dermed trolig større enn hva som vil vært reelt ved en 200-årsflom i dette området.*

*Beregningene fra 2025 tyder ellers på at flomsituasjonen for husene Stakaldefossen 24, 34, og 36 forblir tilnærmet uendret som følge av etablering av oppfyllingsområder og voll.*

*Flomsone for Jølstra er utredet tidligere, så aktsomhetssonen rundt elva kan anses som ivaretatt. Prosjektet etablerer heller ingen nye tiltak med bebyggelse innenfor denne sonen, kun ny GS-bru som skal bygges parallelt med eksisterende bru. Det forutsettes at ny bru får minimum*

*samme gjennomløpstverrsnitt og kote underkant som eksisterende bru, og prosjekteres i henhold til gjeldende veiledere.»*



*Figur 84 : Endelege bearbeida flaumsoner for 200- (lyseblå) og 1000-årsflaum (mørkeblå) m/klimapåslag 40 % aust for Jølstra i dagens terrengsituasjon (per 6. mars 2026). Avrenningslinjer vist til orientering.*

### Vurdering ved Moskogkrysset

Det er utarbeidd ei vurdering av flaumfare ved Moskogkrysset, *Flomvurdering moskogkrysset (2025)*. I henhold til Statens vegvesen sin Vegnormal N200 fell vegen under sikkerheitsklasse V3. Vegen må derfor dimensjonerast og sikrast mot flaum med ein dimensjonerande returperiode på 200 år. Rapporten konkluderer med:

«Flomvurderingen av Moskogbekken ved dimensjonerende 200-årsflom viser at området rundt Moskogkrysset er utsatt for flom. Flomfaren kommer på grunn av begrenset kapasitet i eksisterende kulvert, en bokskulvert med dimensjoner BxH=900x1200 mm.


Ved utbygging av nytt plankryss i Moskogkrysset anbefales det å oppgradere kulverten med et av to alternativer:

- En stk. Ø2000 mm rørkulvert
- En stk. 1800x2000 mm bokskulvert.

Begge alternativene har tilstrekkelig kapasitet til å håndtere dimensjonerende 200-årsflom i Moskogbekken i henhold til gjeldende krav.

Ved utløpet av kulverten og videre nedstrøms anbefales det å se nærmere på erosjonsforholdene og avbøtende tiltak i senere prosjektering. De hydrauliske beregningene avdekket både høy vannhastighet og skjærspenning på bekkebunnen».

Sjå Flaumvurdering av Moskogkrysset for nærare omtale.



Figur 85 Utarbeidd flaumsone for Moskogkrysset. Henta frå flaumvurdering Moskogkrysset (2025)

## 6.4 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Med utgangspunkt i reguleringsplanforslag for Sunnfjord Næringspark aust er det gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Analysen er utført i tråd med DSB sin rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (DSB, april 2017) og

etterkjem plan- og bygningslova sine krav om ROS-analyser ved all planlegging (jf. plan- og bygningsloven §4-3).

Følgende moglege uønska hendingar er identifisert, basert på gjennomgang av overordna ROS-analyse, fagrapportar og gjennomgang av sjekklister (kap. 4):

- Flaum i vassdrag
- Erosjon
- Skred i bratt terreng
- Områdeskred (Kvikkleire)
- Større ulukker (veg, bane, luft, sjø)

Risiko og sårbarheit for dei aktuelle hendingane er analysert ved bruk av eige analyseskjema (ROS-analysens kapittel 7). Vurdering av sannsyn og konsekvens er basert på erfaring frå tilsvarande tilfelle, statistikk og fagleg skjønn. Risiko for den enkelte hendinga er fastsett ved bruk av ei risikomatrix med kategoriane grøn, gul og raud risiko. For hendingar i raude områder er risikoreduserande tiltak påkravd, for hendingar i gule områder bør tiltak bli vurdert, mens hendingar i grønne områder inneber ein akseptabel risiko.

Resultat av risikoanalysen er summert opp i tabellen under med forslag til risikoreduserande tiltak.

Tabell 4 resultat av risikoanalysa med forslag til risikoreduserande tiltak

	Uønska hending	Risiko			Forslag til risikoreduserande tiltak
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
1	Flaum i små vassdrag				<ul style="list-style-type: none"> <li>• VAO-plan (20.04.2026) med tilhøyrande teikningar skal leggest til grunn i detaljprosjektering og byggesaksbehandling.</li> <li>• Flomutredning K2, K3 og K4 (17.04.2026) skal leggest til grunn i detaljprosjekteringa.</li> <li>• Handtering av overvatn skal løysast i samsvar med PBL § 18-1, § 28-10 og TEK17 § 15-8. Dette inneber handtering av overvatn etter tretrinnsstrategien, jf. VAO-planen.</li> <li>• Løysing for overvasshandtering på den enkelte tomt skal dokumenterast i byggesak.</li> </ul>

					<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må opparbeidast trygge hovudflaumveggar på området. Ein hydrolog må dimensjonere overvassleidningar, stikkrenner, inntak, grøfter og bekkar som er ein del av ein flaumveg.</li> </ul> <p>Flaumrapport for Moskogkrysset (22.05.2025) skal leggest til grunn i detaljprosjekteringa og kulvert må oppgraderast i tråd med denne.</p>
2	Erosjon				<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må sikrast at erosjon ikkje vil medføre undergraving av konstruksjonar i henhald til TEK17, § 7-2, fjerde ledd.</li> <li>• Ved Moskogkrysset: Ved utlaupet av kulverten og vidare nedstraums vert det anbefalt å sjå nærmere på erosjonsforholda og avbøtande tiltak i seinare prosjektering.</li> </ul>
3	Skred i bratt terreng				<p><u>Med skog</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje behov for risikoreduserande tiltak</li> </ul> <p><u>Utan skog</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bevaring av skog, fang- eller leievoll er aktuelle sikringstiltak i området.</li> <li>• Dersom ein ikkje utfører sikringstiltak, må byggetiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 plasserast utanfor tilhøyrande faresoner.</li> <li>• Faresoner vert lagt inn i plankartet.</li> </ul>
4	Områdestabilitet (Kvikkleireskred)				<ul style="list-style-type: none"> <li>• ROS-analysa har ikkje avdekket behov for risikoreduserande tiltak.</li> </ul>
5	Større ulukker (veg, bane, luft, sjø)				<ul style="list-style-type: none"> <li>• Føresegn stiller krav om opparbeiding av samleveggar, avkøyrslar, fortau og snumoglegheit for modulvogntog skal vere opparbeida før bygg takast i bruk</li> <li>• Det skal etablerast gang- og sykkelveg langs fv613.</li> </ul>

## Kjelder

- Klimagassregnskap for arealbeslag (04.07.2024) Asplan Viak AS
- *Geoteknisk datarapport Sunnfjord næringspark K3 og K4* (01.03.2019) Asplan Viak AS
- *Miljøkartleggingsrapport - Betongsilo, Sunnfjord næringspark* (02.07.2024) Asplan Viak AS
- *Støyvurdering Detaljregulering K2, K3 og K4* (07.07.2025) Asplan Viak AS
- *SNP - VAO-plan til regulering* (20.04.2026) Asplan Viak AS
- *Flomutredning K2, K3 og K4* (17.04.2026) Asplan Viak AS
- *Flomvurdering Moskogkrysset* (22.05.2025) Asplan Viak AS
- *Skredfarevurdering K2, K3 og K4* (20.04.2026) Asplan Viak AS
- *Områdeskredfare Sunnfjord Næringspark* (11.12.2024) Asplan Viak AS
- *Notat Vurdering av vannforskriften* (30.01.2025) Asplan Viak AS



asplan viak